

# Rapportserie

04/2014



**Samarbeid med  
Russland i høgare  
utdanning:**

Føresetnader,  
utfordringar og  
moglegheiter

**Utgivar:** Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU)  
Februar 2014

**Ansvarleg redaktør:** Kjell G. Pettersen

**Utarbeida av:** Herdis Kolle, SIU

ISSN 1893-1065

ISBN 978-82-93017-37-0

Rapporten kan lastast ned frå [www.siu.no](http://www.siu.no)

## Føreord

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) er eit kompetansesenter som skal bidra til å styrke kvaliteten i norsk utdanning. Som nasjonalt programkontor skal SIU samordne tiltak på nasjonalt nivå i samsvar med offisielle retningslinjer for politikken på feltet, og fremje internasjonalisering, kulturell kommunikasjon og internasjonal mobilitet på alle utdanningsnivå. SIU er organisert som eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Gjennom utgreiing, analyse og rettleiing skal SIU gi styresmakter og utdanningssektoren betre føresetnader for å utforme politikk, tiltak og strategiar.

Rapporten skal gi kunnskap om høgare utdanning i Russland, status og utvikling. Russisk høgare utdanning er prega av den sterke satsinga på utdanning i sovjetperioden, men også av dei økonomiske vanskanen på 1990-talet. Landet har høge utdanningspolitiske ambisjonar, og er ein viktig samarbeidspartnar for Noreg. I dag går russisk høgare utdanning gjennom store endringar som det er viktig å ha kjennskap til for å få til eit best mogleg samarbeid framover.

Bergen, februar, 2014



Alf Rasmussen,

Direktør SIU

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
<b>2. HØGARE UTDANNING I RUSSLAND .....</b>	<b>5</b>
2.1. <i>Russisk høgare utdanning sidan 1991.....</i>	5
2.2. <i>Kunnskapspolitiske målsetjingar og reformer av høgare utdanning .....</i>	6
2.3. <i>Styring og finansiering av høgare utdanning.....</i>	11
2.4. <i>Utdanningsløpet.....</i>	13
<b>3. INSTITUSJONSLANDSKAPET .....</b>	<b>16</b>
3.1. <i>Institusjonstypar.....</i>	16
3.2. <i>Kvalitet og relevans i høgare utdanning .....</i>	18
3.3. <i>Tilhøvet mellom forskning og utdanning.....</i>	21
3.4. <i>Forskarutdanninga .....</i>	22
<b>4. INTERNASJONALT SAMARBEID .....</b>	<b>24</b>
4.1. <i>Nasjonale prioriteringar for internasjonalt samarbeid .....</i>	24
4.2. <i>Status for internasjonalisering og føresetnader for internasjonalt samarbeid .....</i>	25
4.3. <i>Status for samarbeid med Noreg .....</i>	28
<b>KJELDER OG LITTERATUR .....</b>	<b>30</b>
<i>Sentrale dokument .....</i>	30
<i>Litteratur og rapportar .....</i>	30
<i>Nettsider.....</i>	31

## 1. Innleiing

Russland er verdas største land i flatemål og har ei befolkning på knapt 142 millionar.<sup>1</sup> Landet låg i 2012 på åttande plass blant økonomiane i verda målt i BNP, og har løpet av 2000-talet hatt relativt høg årleg vekst i BNP. I 2013 ligg den russiske veksten i BNP an til å bli på 3,6 prosent, noko som er høgare enn både OECD-gjennomsnittet og den norske veksten dette året. Samanlikna med dei andre BRIKS-landa, særleg India og Kina, har likevel veksten i Russland vore relativt låg dei siste fire–fem åra.<sup>2</sup>

Russland er det største nabolandet til Noreg, og sidan oppløysinga av Sovjetunionen og slutten på den kalde krigen på byrjinga av 1990-talet, har det utvikla seg eit omfattande samarbeid mellom Russland og Noreg på ei rekkje samfunnsområde. Særleg viktig er kontakten i nord, der Russland og Noreg har ei rekkje felles utfordringar og interesser i nordområda og Arktis.

Det er også eit omfattande samarbeid og kontakt innanfor høgare utdanning og forskning. Dei siste åra har russiske studentar utgjort ei av dei største gruppene utanlandske studentar i Noreg. Stadig fleire norske høgare utdanningsinstitusjonar har kontakt og samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar i Russland. Noregs forskingsråd har i fleire omgangar gjennomført felles utlysningar med tilsvarande organ i Russland. Dette samarbeidet er formalisert gjennom avtalar mellom forskingsråda i Noreg og i Russland, og når det gjeld utdanningssamarbeid underteikna norske og russiske styresmakter ein bilateral avtale i 2010.

Trass i relativt brei kontakt mellom norske og russiske høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar og også mellom norske og russiske utdanningsstyresmakter, er det behov for meir kunnskap om det russiske utdanningssystemet i Noreg. Særleg har dette bakgrunn i at det russiske høgare utdanningssystemet for tida er inne i ein omfattande reformperiode, med endringar i både institusjonsstruktur, innhald i undervisninga og finansierings- og styringsmekanismar. Det er grunn til å tru at desse endringane vil ha stor innverknad på samarbeidsformer og -moglegheiter i åra framover.

## 2. Høgare utdanning i Russland

### 2.1. Russisk høgare utdanning sidan 1991

Sovjetunionen hadde eit statleg styrt og sentralisert høgare utdannings- og forskningssystem, der marxist-leninistisk ideologi i stor grad styrte innhaldet i forskning og undervisning, og samfunnet sitt behov for arbeidskraft innanfor ulike sektorar styrte utbodet av institusjonar og studieplassar. Naturvitskaplege og tekniske fag var prioriterte. Samstundes var sektoren godt finansiert, og høgare utdanning var gratis for alle som var kvalifiserte for opptak til ein høgare utdanningsinstitusjon. Mot slutten av 1980-talet byrja det gradvis å skje ei endring i retning av meir kontakt med og integrering i det internasjonale vitskaplege samfunnet, større rom for diskusjon, og mål om å desentralisere og demokratisere administrasjonen av sektoren.

---

<sup>1</sup> IMF 2013, *World Economic Outlook Database* (april 2013)

<sup>2</sup> World Bank 2013, *World Development Indicators database*, <http://data.worldbank.org/data-catalog/GDP-ranking-table>, OECD 2013, *Russian Federation – Economic forecast summary*, <http://www.oecd.org/economy/russianfederatoneconomicforecastssummary.htm>.

Etter oppløysinga av Sovjetunionen skjedde det store endringar i forskning og høgare utdanning i Russland. Ei ny utdanningslov vart vedteken i 1992, og med denne lova vart det opna for større differensiering av innhaldet i undervisninga, regionale styresmakter fekk auka ansvar, det vart høve til å etablere private høgare utdanningsinstitusjonar, og statlege institusjonar fekk løyve til ta inn betalende studentar i tillegg til dei statsfinansierte studieplassane. Den statlege finansieringa av utdannings- og forskingssektoren vart drastisk redusert i 1990-åra for å ta seg noko opp att på 2000-talet.

Sidan oppløysinga av Sovjetunionen er talet på høgare utdanningsinstitusjonar meir enn dobla frå 514 institusjonar i studieåret 1990/91 til 1046 institusjonar i studieåret 2012/13, i hovudsak på grunn av at det har blitt etablert ei rekkje private institusjonar som eit supplement til dei statlege institusjonane. I tillegg er det etablert ei rekkje filialar. Talet på studentar i høgare utdanning har auka tilsvarande, frå 2,8 millionar i 1990/91 via heile 7,5 millionar i toppåret 2008/09 til 6,1 millionar studentar i studieåret 2012/13.<sup>3</sup> Samfunnsvitskaplege, økonomiske og juridiske fag har blitt meir populære i åra etter oppløysinga av Sovjetunionen.

Sovjetunionen lukkast i stor grad med å auke utdanningsnivået hos befolkninga, og i åra etter 1991 har denne tendensen blitt oppretthalden og forsterka. Særleg har tilgangen på høgare utdanning blitt utvida, slik at denne i dag må reknast som god. Såleis får dei aller fleste barn i Russland ei grunnutdanning. Heile 94 prosent av befolkninga i aldersgruppa 25 til 64 år har minst vidaregåande utdanning, noko som er godt over gjennomsnittet for OECD-landa. Også når det gjeld omfanget av høgare utdanning kjem Russland svært godt ut. I 2011 hadde 53 prosent av den russiske befolkninga i aldersgruppa 25 til 64 år høgare utdanning utover vidaregåande skole, medan gjennomsnittet for OECD-landa var 32 prosent. Russland har eit særleg høgt tal studentar i kortare profesjonsutdanningar, medan talet på studentar som tar lengre høgskole- og universitetsutdanningar ligg på gjennomsnittet av OECD-landa.<sup>4</sup>

## 2.2. Kunnskapspolitiske målsetjingar og reformer av høgare utdanning

Sidan om lag 2000 har den russiske politikken på utdanningsområdet vore prega av ei rekkje reformer. Det har blitt innført omfattande endringar i lovverket, og ein har teke i bruk ei rekkje ulike statlege program og prosjekt for å oppnå målsetjingane for den statlege politikken.

I samband med reformene har det også blitt utforma ei rekkje policydokument på utdanningsområdet. Måla frå policydokumenta frå omkring tusenårsskiftet<sup>5</sup> har sidan blitt gjentekne og forsterka i seinare strategiar. Utover mål om at utdanninga skal vere danningsskapande og sørge for utdanning til alle, er hovudmålet for den russiske utdanningspolitikken ifølgje desse dokumenta å sørge for å overvinne faren for at landet skal henge etter i verda si økonomiske og sosiale utvikling.

---

<sup>3</sup> [http://www.gks.ru/free\\_doc/new\\_site/population/obraz/vp-obr1.htm](http://www.gks.ru/free_doc/new_site/population/obraz/vp-obr1.htm) .

<sup>4</sup> OECD 2013, «Russian Federation», in *Education at a Glance 2013: OECD Indicators*, OECD Publishing, <http://dx.doi.org/10.1787/eag-2013-67-en>.

<sup>5</sup> «O natsional'noj doktrine obrazovaniija v Rossijskoj Federatsii do 2025 goda» (*Nasjonal doktrine for utvikling av utdanning i den russiske føderasjonen fram til 2025*), <http://elementy.ru/Library9/Doctrina.htm> (31.10.2013) og «Kontseptsija modernizatsii rossijsogo obrazovaniija na period do 2010 goda» (*Konsept for modernisering av russisk utdanning fram til 2010*), <http://elementy.ru/Library9/pr393.htm?context=28809> (31.10.2013).

Utdanning vert sett som den viktigaste einskildfaktoren for samfunnsøkonomisk vekst. Det vert teke til orde for at utdanninga skal utvikle patriotisme og nasjonal einenskap, men også toleranse, kommunikasjonsevner og eit «moderne» tankesett hos born og unge.

Dette idégrunnlaget fekk stor innverknad på den vidare utviklinga av utdanningspolitikken i åra som kom. For å møte utfordringane knytt til aukande globalisering ville styresmaktene gjennomføre ei omfattande endring av utdanningssystemet. Ein innførte engelsk som grunnskolefag frå andre skoleår, og kurs i interkulturell kommunikasjon vart innført som emne i mange høgare utdanningsprogram. Russland slutta seg til Bologna-prosessen i 2003, og i samband med dette vart tosyklus-gradssystem innført frå 2011, sjølv om den tradisjonelle *spetsialist*-graden likevel framleis er eit alternativ. I tillegg har ein i nokon grad innført ECTS og kompetansebaserte studieplanar, samstundes som internasjonalisering vart eit prioritert område i den vidare utviklinga av høgare utdanning.<sup>6</sup>

Frå 2007 har russiske styresmakter særleg lagt vekt på å skape eit utdanningssystem som skal vere i stand til å møte behova i ein «innovativ» og «kunnskapsbasert» økonomi, og som kan vere med på å styrke Russland på den internasjonale marknaden for innovasjon, arbeid og utdanning. Politikken vart frå no av i større grad orientert mot at utdanninga skulle ha relevans for samfunnet, og mottakarane av utdanningstenester er definerte som hovudmålgruppa, heller enn dei tilsette i utdanningssystemet.<sup>7</sup>

I påfølgjande strategidokument har desse målsetjingane vorte ytterlegare konkretiserte, og ein har utvikla detaljerte planar for korleis strategiane skal implementerast i sektoren. Såleis slår *Nasjonalt program for utvikling av utdanning i perioden 2013–2020* fast at hovudmålet er å tilby utdanning av høg kvalitet som er i tråd med dei skiftande behova i befolkninga og dei oppgåvene som samfunnet og økonomien i Russland står overfor.<sup>8</sup>

Bakgrunnen for den russiske kunnskapspolitikken fram mot 2020 er i stor grad basert på prognosar for demografisk og økonomisk utvikling i perioden. Frå 2010 til 2016 forventar ein at talet på unge i aldersgruppa 17–25 år vil bli redusert med 12–15 prosent, som ei følgje av dei låge fødselstala på 1990-talet. Russiske styresmakter reknar med at på lang sikt, fram mot 2025, kan dei små ungdomskulla saman med auka gjennomsnittsalder i befolkninga føre til lågare produktivitet og ein reduksjon av BNP på mellom 15 og 20 prosent samanlikna med 2010.<sup>9</sup> Utsiktene til ei slik utvikling vil russiske styresmakter motverke mellom anna ved å halde fram ei omfattande omlegging av utdanningspolitikken.

Ifølgje prioriteringane til den russiske regjeringa for perioden 2013–2018, skal utdanningspolitikken dei kommande åra fremje yrkesretta utdanning og utdanne meir kvalifisert personell til arbeidsmarknaden.<sup>10</sup> Definisjonen av yrkesretta utdanning er vid, slik at denne ikkje berre inkluderer

---

<sup>6</sup> Pogosian 2012: 289ff.

<sup>7</sup> Desse målsetjingane vart først formulerte av dåverande visestatsminister Dmitrij Medvedev i den såkalla «Modell-2020», på ein internasjonal konferanse 17.09.2007, sjå Pogosian 2012: 297.

<sup>8</sup> «Gosudarstvennaja programma Rossijskoj Federatsii 'Razvitie obrazovanija' na 2013-2020 gody», (*Nasjonalt program for utvikling av utdanning i perioden 2013–2020*), <http://минобрнауки.рф/документы/2690>, (07.10.2013).

<sup>9</sup> Ibid.: 23.

<sup>10</sup> «Policy Priorities of the Government of the Russian Federation to 2018», <http://government.ru/en/info/761>, 16ff.

vidaregåande yrkesretta utdanningar, men også høgare utdanning generelt.<sup>11</sup> Blant hovudmåla i strategien er at minst to russiske høgare utdanningsinstitusjonar skal komme inn blant dei hundre beste på internasjonale rankinglister innan 2018, og at talet skal auke til fem institusjonar innan 2020. Vidare er det eit hovudmål å auke forskingsaktiviteten ved universiteta, og det er eit mål å gjere vidare- og etterutdanning meir tilgjengeleg.

### **Kvalitetsheving, omstrukturering og auka samfunnsrelevans**

Ei av dei viktigaste prioriteringane i den russiske politikken for høgare utdanning fram mot 2020 er å auke kvaliteten i utdanninga. For å oppnå kvalitetsauke vil ein modernisere studieprogramma innanfor høgare utdanning og etterutdanning. Det er viktig for russiske styresmakter å definere kvalitet på nytt, slik at kunnskapane ein tileignar seg i løpet av utdanninga vert nyttige både for den einskilde og for den sosiale, kulturelle og økonomiske moderniseringa av Russland. Målet er at ein større del av avgangskulla frå høgare utdanningsinstitusjonar skal finne arbeid der utdanninga deira er relevant, noko som berre gjaldt 40 prosent av avgangskullet i 2011.<sup>12</sup> For å oppnå måla om auka kvalitet, meir forskning i universitetssektoren og å komme høgare på internasjonale rankingar, samt auke tilgangen på vidare- og etterutdanning, vil russiske styresmakter prioritere ei rekkje tiltak retta mot høgare utdanningssektor fram mot 2020.

Eit hovudtiltak vil vere å omstrukturere landet sitt nettverk av høgare utdanningsinstitusjonar, og omorganisere institusjonar som er «ute av kontakt» med arbeidsmarknaden eller som ikkje brukar tid på forskning. Russiske styresmakter har byrja på, og ønskjer å halde fram, arbeidet med å skape eit nettverk av leiande høgare utdanningsinstitusjonar, som kan stimulere til modernisering av heile det høgare utdanningssystemet. Det blir lagt opp til samanslåing av høgare utdanningsinstitusjonar, slik at det totale talet på institusjonar vert lågare. Fram til i dag har hovudtyngda av russisk akademisk forskning funne stad i Vitskapsakademiet, men dagens regjering ønskjer å endre dette, slik at ein større del av forskingsverksemda og -innsatsen skal skje ved dei høgare utdanningsinstitusjonane, og då særleg ved forskingsuniversiteta.<sup>13</sup>

Etter at reformene er gjennomført anslår ein å ha 40 til 60 leiande forskingsuniversitet som skal fungere som katalysatorar for utvikling av ein innovasjonsøkonomi, eit nettverk av sterke regionale høgare utdanningsinstitusjonar som utdannar arbeidskraft særleg tilpassa den regionale økonomien, og eit nettverk av høgare utdanningsinstitusjonar som særleg konsentrerer seg om utdanning på bachelornivå. Utdanning på ph.d.-nivå skal i hovudsak skje ved forskingsuniversiteta. Ved å konsentrere ph.d.-utdanninga ved forskingsuniversiteta vil ein auke koplinga mellom forskning og utdanning, og betre kvaliteten på forskarutdanninga. I tillegg vil ein halde fram arbeidet med å implementere fleirdelt gradsstruktur med bachelor-, master- og ph.d.-nivå, samstundes som ein vil innføre ein såkalla «anvend» eller profesjonsretta bachelorgrad. Innan 2018 ønskjer ein at inntil 30 prosent av studentane i høgare utdanning skal ta denne typen bachelorgrad.<sup>14</sup>

I tråd med målet om ei meir samfunnsrelevant høgare utdanning som kan vere med på å styrke den russiske økonomien, vil styresmaktene i løpet av dei neste åra auke finansieringa av studieprogram

---

<sup>11</sup> All høgare utdanning, ikkje berre profesjonsutdanningar, vert kalla «høgare profesjonell utdanning», noko som reflekterer at høgare utdanning skal kvalifisere til eit yrke. Denne ordbruken går tilbake til sovjettida.

<sup>12</sup> «Policy priorities...»: 16.

<sup>13</sup> Målt i FoU-utgifter skjer over 60 prosent av forskinga i næringslivet. Sjå <http://www.hse.primarydata/in2013>.

<sup>14</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 23ff, og «Policy priorities...»: 16.



innan ingeniørfag, medisinske fag og naturfag. Samstundes ønskjer ein ei radikal fornying av undervisningsmetodane. Det vert ikkje gått i detalj om dette, men mykje tyder på at russiske utdanningsstyresmakter ønskjer meir praksisnære studiar. Såleis forventar ein at reformene av høgare utdanningssektor skal resultere i at studentar på prioriterte studiar skal gjennomgå arbeidspraksis i løpet av studiet, og at alle studentar på vidarekome bachelornivå og på masternivå skal få moglegheit til å delta i forskings- og utviklingsprosjekt. Ein vil ha ei kvalitetsheving i språkopplæringa, og ein ønskjer å stimulere til meir sjølvstendig arbeid blant studentane. Innan 2020 er målet at alle studentar skal studere etter individuelle læreplanar som i stor grad er baserte på sjølvstendig arbeid og bruk av informasjonsteknologi.<sup>15</sup>

Russiske utdanningsstyresmakter vil også vidareutvikle systemet for kvalitetssikring av høgare utdanning. Sidan 2007 har dei formelle russiske kvalitetssikringsprosedyrane vore tilpassa europeiske standardar for kvalitetssikring av høgare utdanning. Kvalitetssikringa inkluderer to prosedyrar:

- **Lisensiering:** Dette er ei vurdering av om institusjonen er i tråd med standardkrava for å drive utdanningsverksemd. Desse krava gjeld lokale, laboratorieutstyr, kvalifikasjonar hos lærarar, pensum o.a. Ein lisens er eit dokument som gir institusjonen rett til å tilby undervisning og å nyte godt av visse skattefordelar. Lisensiering er obligatorisk for både statlege og private høgare utdanningsinstitusjonar.
- **Akkreditering:** Denne prosedyren har som mål å definere institusjonstype (universitet, akademi eller institutt) og å godkjenne studieprogram som fører til nasjonalt godkjente vitnemål/grader. Akkreditering er obligatorisk for statlege høgare utdanningsinstitusjonar, medan private institusjonar kan søkje akkreditering dersom dei ønskjer å tildele nasjonalt godkjente vitnemål/grader.

Per 1. januar 2008 var over 80 prosent av dei høgare utdanningsinstitusjonane i Russland akkreditert, og over 920 institusjonar har etablert interne kvalitetssikringssystem.

For å styrke kvaliteten i høgare utdanning ytterlegare vil styresmaktene fram mot 2020 etablere eit oppdatert nasjonalt system for vurdering av utdanningskvalitet. Dei vil gjennomføre årlege monitoreringsstudiar og delta i internasjonale studiar av utdanningskvalitet. Den første russiske monitoreringsstudien vart gjennomført i 2012. Det er også eit uttalt mål at ulike samfunnsgrupper, inkludert arbeidsgivarar, studentar og foreldre i større grad skal delta i vurderinga av kvaliteten på utdanninga.<sup>16</sup>

### **Målretta finansiering av høgare utdanningssektor**

Russiske styresmakter ønskjer å endre finansierings- og styringssystemet i høgare utdanning i perioden fram til 2020, og har også som mål å halde fram med å auke finansieringa av utdanningssektoren. I løpet av 2000-talet har den statlege finansieringa av utdanningssektoren auka i takt med BNP, og låg i 2010 på 4,9 prosent av BNP. Dette er lågare enn gjennomsnittet for OECD-landa på 6,3 prosent, men dette skuldast i hovudsak låg finansiering av grunn- og vidaregåande skole, medan finansieringa av høgare utdanningssektor ligg på gjennomsnittet for OECD, som i 2010 var på 1,6 prosent av BNP. Trass i dette er finansieringa per student låg samanlikna med OECD-landa. I 2010

---

<sup>15</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 24.

<sup>16</sup> Ibid.: 23ff.

var Russland nummer 30 av 33 land på lista over OECD- og G20-land når det gjaldt finansiering av høgare utdanning per student.<sup>17</sup>

I løpet av perioden fram til 2020 legg ein opp til at andelen av BNP brukt på utdanning skal auke til 6,5 prosent. Målet er at denne auken ikkje berre skal komme over statsbudsjettet, men vere eit resultat av investeringar både frå staten, næringsliv og private.<sup>18</sup> Det har allereie blitt investert meir i infrastruktur innanfor høgare utdanning, særleg når det gjeld IKT, men framleis har berre ei lita gruppe russiske universitet ein moderne campus. Det er ein generell mangel på studentbustader, og mange bustader har dårleg kvalitet. Det er også behov for å modernisere det russiske høgare utdanningssystemet når det gjeld bibliotekressursar og biblioteksystem.<sup>19</sup> Vi såg ovanfor at russiske styresmakter ønskjer å inkludere ulike samfunnsgrupper i kvalitetsvurderinga av høgare utdanning. Tilsvarande er målsetjinga å gjere det mogeleg for næringslivet og andre aktuelle aktørar å delta i styringa og finansieringa av høgare utdanningsinstitusjonar.

Frå om lag 2005 har Russland hatt forsøk med *per capita*-finansiering av høgare utdanning etter talet på studentar.<sup>20</sup> Endringa av finansieringssystemet fram mot 2020 inkluderer tiltak for å fullføre overgangen til *per capita*-finansiering. I tillegg kjem særlege finansieringsordningar for utvalde institusjonar og institusjonsgrupper. Ein ønskjer at høgare utdanning ved private institusjonar skal utvikle seg i «ærleg konkurranse» med den statlege utdanningssektoren, ved at akkrediterte studieprogram ved private institusjonar også skal få finansiering frå statsbudsjettet etter prinsippet om *per capita*-finansiering etter talet på studentar. Ein ser for seg at minst 30 prosent av høgare utdanning skal skje ved private utdanningsinstitusjonar.<sup>21</sup>

#### **Tiltak for rekruttering av vitenskapleg personale**

Det russiske utdannings- og forskingsdepartementet ser samansetjinga av det vitenskaplege personalet som ein viktig føresetnad for kvalitetsheving av høgare utdanning. I løpet av dei siste fem åra har styresmaktene innført ein del tiltak for å styrke det vitenskaplege og administrative personalet innan høgare utdanning, men desse tiltaka har berre hatt effekt ved ein relativt liten del av institusjonane. I perioden fram til 2020 vil ein introdusere såkalla «effektive» arbeidskontraktar for undervisningspersonale og vitenskapleg tilsette. Dei nye arbeidskontraktane skal innehalde spesifikke krav til effektivitet og deltaking i forskning og utvikling for den einskilde tilsette, og løna skal verte fastsett etter i kva grad arbeidstakaren har oppnådd dei fastsette krava.<sup>22</sup> Samstundes er målet å auke gjennomsnittsløna for vitenskapleg tilsette ved høgare utdanningsinstitusjonar til det doble av den regionale gjennomsnittsløna.<sup>23</sup> Det vil bli innført meir konkurransebaserte rekrutteringsmekanismar for tilsetjing av dosentar og professorar, som ein reknar med vil auke krava til søkjarane, men som også vil krevje at utdanningsinstitusjonane konkurrerer for å få tak i dei beste. Eit anna tiltak er såkalla «megagrants», som har som formål å trekkje leiande internasjonale forskarar til russiske

---

<sup>17</sup> OECD 2013, «Russian Federation», in *Education at a Glance 2013: OECD Indicators*, OECD Publishing, <http://dx.doi.org/10.1787/eag-2013-67-en>.

<sup>18</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 9.

<sup>19</sup> Ibid.: 18.

<sup>20</sup> Pogosian 2012: 293.

<sup>21</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 24.

<sup>22</sup> Ibid.: 30.

<sup>23</sup> I praksis har lønsauka til no skjedd ved ein tilsvarande reduksjon i talet på tilsette ved institusjonane.

høgare utdanningsinstitusjonar.<sup>24</sup> Ordninga gir tidsavgrensa løyvingar til konkrete forskingsprosjekt for russiske og utanlandske forskarar. Sidan 2010 har det vore årlege utlysingar innanfor ordninga, og så langt har 119 prosjekt fått ei samla støtte på om lag 12 milliardar rublar (om lag 2,2 milliardar kroner).<sup>25</sup> Trass i dei romslege løyvingane, er det enno for tidleg å seie kva som vert den varige effekten av ordninga.

### **Internasjonalisering**

Russiske utdanningsstyresmakter har også ei rekkje mål knytt til internasjonalisering av høgare utdanning. I internasjonaliseringspolitikken vil ein særleg leggje vekt på «eksport» av utdanningstenester, noko som i første rekkje tyder rekruttering av utanlandske studentar til russiske høgare utdanningsinstitusjonar. Målgruppa er særleg land i Samveldet av uavhengige statar (SUS), altså tidlegare sovjetrepublikkar, men også asiatiske land og land i Latin-Amerika.

Ved oppløysinga av Sovjetunionen i 1991 hadde landet over 10 prosent av utanlandsstudentane i verda. I studieåret 2010-2011 var talet for Russland 3,6 prosent, tilsvarande 157 626 studentar på ordinære tilbod, nærmare 70 000 studentar på fleksible tilbod og 87 000 studentar ved filialar av russiske høgare utdanningsinstitusjonar i andre land. Dei samla inntektene til Russland frå eksport av utdanningstenester er kalkulert til i underkant av 1 milliard USD, eller mindre enn 1 prosent av den samla verdsmarknaden.

Samstundes vil ein styrke språkopplæringa som eit middel for å oppnå betre studentutveksling. Frå 2020 vert det obligatorisk å ta avgangseksamen i engelsk i den vidaregåande skolen. Berre 7 prosent av elevane valde å gjere dette i 2013. Vidare er det eit mål at minst 30 russiske høgare utdanningsinstitusjonar skal realisere felles studieprogram på master- og ph.d-nivå saman med leiande universitet internasjonalt. Eit konkret internasjonaliseringstiltak er også det planlagde stipendprogrammet «Global Utdanning», som har som mål å gi minst 3000 russiske studentar stipend til å studere i utlandet innan 2015.<sup>26</sup> Tiltaket skulle lanserast i 2013, men er no utsett på ubestemt tid. Derimot er det klart at talet på budsjettfinansierte plassar for utanlandske studentar i Russland aukar frå 10 000 til 15 000.

### **2.3. Styring og finansiering av høgare utdanning**

Styringa av statlege høgare utdanningsinstitusjonar i Russland skjer i eit hierarkisk styringssystem som inkluderer føderale, regionale og kommunale styresmakter. Majoriteten av institusjonane blir styrt av føderale (sentrale) styresmakter. I 2008/09 gjaldt dette 90,6 prosent av institusjonane, medan 7,1 prosent vart styrt av regionale styresmakter og berre 1,7 prosent av kommunale styresmakter.<sup>27</sup>

På føderalt nivå har fleire ulike departement ansvar for styring og finansiering av høgare utdanningsinstitusjonar. Dei aller fleste institusjonane er underlagt Utdannings- og forskingsdepartementet (*Ministerstvo obrazovanie i nauki Rossijskoj Federatsii (Minobrnauki)*), men

<sup>24</sup> I dei to første åra kunne berre høgare utdanningsinstitusjonar søkje, men i 2012 og 2013 kunne også russiske forskingsinstitusjonar vere med.

<sup>25</sup> <http://www.p220.ru/en/>.

<sup>26</sup> «Policy priorities...»: 16.

<sup>27</sup> Nikolaev og Chugunov 2012: 51.

om lag 30 prosent av dei høgare utdanningsinstitusjonane er underlagt andre fagdepartement, som til dømes Helse- og sosialdepartementet, Landbruksdepartementet og Kulturdepartementet.<sup>28</sup>

Utdannings- og forskingsdepartementet er også ansvarleg for å utforme politikk og lovverk på utdanningsfeltet og for å vedta statlege utdanningsstandardar. Regionale utdanningsadministrasjonar og utdanningsinstitusjonane skal implementere politikken. Regionale utdanningsstyremakter kan vedta sine egne reguleringar, og regionale parlament kan vedta utdanningslover som fyller regionale behov.<sup>29</sup>

I tillegg til dei ulike departementa og regionale utdanningsstyresmakter, er også presidentadministrasjonen og dei lovgivande organa, Statsdumaen og Føderasjonsrådet, med på å styre høgare utdanningssektor. Presidentadministrasjonen sitt eige råd for forskning og utdanning har som oppgåve å gi presidenten informasjon om utviklinga innanfor sektoren, utvikle politikk på forskings- og utdanningsområdet, og administrere den russiske presidenten sine forskingsprisar til etablerte og yngre forskarar, samt einiskilde stipendordningar. Rådet vert leia av tidlegare utdannings- og forskingsminister Andrej Fursenko. Dei lovgivande organa, Statsdumaen og Føderasjonsrådet, har kvar for seg egne utdannings- og forskingskomitear, som behandlar lovforslag på forskings- og utdanningsfeltet.

Utdannings- og forskingsdepartementet har ei rekkje underorgan som er viktige for styringa av høgare utdanning. Den føderale tenesta for tilsyn med utdanning og forskning (*Federal'naja sluzhba po nadzoru v sfere obrazovaniya i nauki (Rosobrnadzor)*) kontrollerer implementeringa av utdanningslova, utfører kvalitetskontrollar, tildeler lisensar og akkrediterer utdanningsinstitusjonar og -program. Dei ulike tilsynsfunksjonane til *Rosobrnadzor* vert utførde av fleire ulike underliggjande forvaltningsorgan. Nokre av dei viktigaste forvaltningsorganane for høgare utdanningssektor er Nasjonalt akkrediteringsorgan for utdanning (*Natsional'noe akkreditatsionnoe agentsvo v sfere obrazovannia (Rosakkredagentsvo)*) og Senter for informasjon og metodisk analyse (*Informatsionno-metodicheskij tsentr analiza (IMTsA)*), som begge har oppgåver i samband med akkreditering av høgare utdanningsinstitusjonar og -program, samt *Glaveksperttsentr*, som er godkjeningsorganet for utanlandsk utdanning. Viktig er også Øvste attestasjonskommissjon (*Vysshaia Attestatsionnaja Komissija (VAK)*), som blant anna tildeler doktorgrader (*kandidat nauk* og *doktor nauk*), professor- og førsteamanuensistitlar, og godkjenner utanlandske doktorgrader.<sup>30</sup>

Når det gjeld finansiering av høgare utdanning, får statlege høgare utdanningsinstitusjonar regelmessig finansiering frå det russiske statsbudsjettet. I tillegg disponerer dei statlege institusjonane fritt undervisningsbygg, studentbustader og andre lokale. For tida er fleire nye finansieringsmekanismer i ein pilotfase. Det gjeld til dømes *per capita*-finansiering, finansiering av utviklingsprogram for utdanningsinstitusjonar, studielån og anna.<sup>31</sup>

Utover den statlege basisfinansieringa som statlege høgare utdanningsinstitusjonar får, kan institusjonane også skaffe seg midlar ved ulike typar ekstern finansiering. Ei slik ekstern finansieringskjelde er ulike føderale og regionale program for utvikling av utdanningssektoren. Av dei

---

<sup>28</sup> European Commission, EACEA 2012, «Higher education in the Russian Federation»: 5.

<sup>29</sup> Ibid.: 5.

<sup>30</sup> <http://vak.ed.gov.ru/ru/about/position/>.

<sup>31</sup> «Higher education in the Russian Federation»: 6.

viktigaste er *Det føderale programmet for utvikling av utdanning og Prioriterte regionale utdanningsprosjekt*.

Andre finansieringskjelder inkluderer studieavgifter, konsulentverksemd, opplæring og etterutdanning av ulike målgrupper på oppdrag frå staten, tenester for offentleg sektor, statlege forskingsmidlar til grunnforskning og oppdragsforskning for staten, inntekter frå IPR-rettar og inntekter frå utleige av eigedom. Desse såkalla «ikkje-budsjetterte» midlane er administrerte av det akademiske kollegiet ved institusjonen, innanfor eit budsjett som skal godkjennast av Det russiske statskammeret (*Federal'noe kaznacheistvo*). Denne typen midlar utgjer i gjennomsnitt halvparten av tilgjengelege midlar ved dei statlege høgare utdanningsinstitusjonane, og kan i nokre tilfelle utgjere opp mot 70 prosent. *Den føderale lova om sjølvstendige institusjonar*, vedteken i 2006, gir høgare utdanningsinstitusjonar større ansvar for eiga økonomisk styring.<sup>32</sup>

Det betydelege innslaget av private høgare utdanningsinstitusjonar og den delvise omlegginga til studieavgifter også ved statlege institusjonar, tyder også at privat finansiering av høgare utdanning har auka. Mellom 2000 og 2010 auka talet på studentar som betalte studieavgifter ved private institusjonar med 34 prosent, medan det tilsvarende talet i offentlege institusjonar var 22 prosent. I tillegg aukar privat finansiering på grunn av studielån og stipend frå privat sektor, sjølv om finansielle støttemekanismar framleis er underutvikla.<sup>33</sup>

Ved statlege høgare utdanningsinstitusjonar er ein del av studentmassen finansiert over statsbudsjettet, medan resten betaler studieavgifter. Samla får om lag halvparten av studentane som vert tekne opp kvart år, tilbod om ein budsjettfinansiert plass. Studieavgiftene varierer frå institusjon til institusjon og kan i nokre tilfelle vere ganske høge, slik at dei fleste studentar er avhengige av foreldra sine for å betale for studiane. Fagleg sterke studentar får vanlegvis eit stipend frå staten, men stipendsummen er svært låg og kan dermed ikkje dekke levekostnadane til studenten. Dette gjer at mange russiske studentar anten må leve på foreldra sine eller arbeide ved sida av studiane. Det finst nokre få spesielle stipendordningar, som til dømes statleg stipend til foreldreause og funksjonshemma studentar og stipend frå bedrifter og stiftelsar til spesielt talentfulle studentar.<sup>34</sup>

#### 2.4. Utdanningsløpet

Den russiske obligatoriske utdanninga er elleveårig og går fram til fullført vidaregåande utdanning. Russiske born byrjar på skolen når dei er seks år gamle og har dermed fullført obligatorisk utdanning når dei er 17 år. Etter ni års utdanning (grunnutdanning) vel ein vidare studieretning. Anten heldt ein fram allmennfagleg studieretning dei siste to åra av den obligatoriske skolegangen, eller ein kan velje yrkesfagleg studieretning dei siste to åra.

Eksamen frå begge retningane i vidaregåande skole gir grunnlag for å søkje seg inn på høgare utdanning. Tidlegare var opptak til høgare utdanningsinstitusjonar basert på opptakseksamenar organisert ved dei einskilde institusjonane, men sidan 2001 har ein gradvis innført opptak basert på

---

<sup>32</sup> Ibid.: 6ff.

<sup>33</sup> Nikolaev og Chugunov 2012: 58ff.

<sup>34</sup> «Higher education in the Russian Federation»: 7.

eksamensresultat frå vidaregåande skole.<sup>35</sup> Kvar einiskild institusjon kan sjølv avgjere kva opptakskrav (eksamensresultat) som gjeld, og dette kan også variere mellom ulike studium ved same institusjon. I tilfelle der studiet krev særskilde ferdigheiter, kan institusjonane i tillegg ha opptaksprøvar. Moskva Lomonosov Statsuniversitet og St. Petersburg Statsuniversitet har rett til sjølv å bestemme kva fag som skal ha opptaksprøvar, medan andre institusjonar må få dette godkjent frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Det finst to typar tertiærutdanning utover vidaregåande skole i Russland. Høgare utdanning på universitetsnivå gir ein akademisk grad, medan den andre typen tertiærutdanning er kortare profesjonsutdanningar som førebur studentane for konkrete yrke.

### **Høgare utdanning på universitetsnivå**

Høgare utdanning på universitetsnivå går føre seg ved fleire typar institusjonar, som universitet, akademi, institutt og konservatorium. Ved desse institusjonane går studentane etter dagens system gjennom eit utdanningsløp på to til seks år.

Det er mogeleg å avslutte eit universitetsstudium etter to år. I så fall får ein tildelt «Vitnemål om ufullstendig høgare utdanning» (*Diplom o nepolnom vyssjem obrazovanii*), som ikkje er ein grad, men som er prov på at ein har gjennomført to års universitetsutdanning. Dette vitnemålet gir høve til å utøve arbeid som er i samsvar med dei kvalifikasjonane ein har oppnådd, eller til å bli teken opp på vidare studiar ved ein annan høgare utdanningsinstitusjon.

Den russiske bachelorgraden er fireårig, medan mastergraden er toårig. I tillegg har ein også etter overgangen til tosyklus-gradstruktur frå 2007 bevart den tradisjonelle fem- eller seksårige spesialistgraden som eit alternativ for spesifikke studieretningar.<sup>36</sup> I dag tilbyr russiske høgare utdanningsinstitusjonar bachelor- og masterprogram innanfor dei fleste fagfelt, med nokre få unntak.<sup>37</sup> Berre i løpet av dei siste tre til fire åra har det skjedd omfattande endringar når det gjeld opptak av studentar til bachelor- og masterprogram på den eine sida og studieprogram for spesialistgraden på den andre sida. Så seint som i 2009 vart 87 prosent av dei ferske studentane tekne opp til spesialistgraden, men allereie i 2011 vart heile 80 prosent tekne opp til bachelorprogram. Framleis er det slik at majoriteten av russiske studentar er i gang med ein spesialistgrad, men frå om lag 2015 vil truleg majoriteten av studentane gå gjennom eit tosyklus-studieløp.<sup>38</sup>

Fullført mastergrad eller spesialistgrad dannar grunnlag for opptak til forskarutdanning på ph.d.-nivå, som i det russiske systemet vert kalla *aspirantura*. Forskarutdanninga er treårig og fører fram til graden *kandidat nauk*. Graden *doktor nauk* er ein habilitasjonsgrad og er dermed den høgaste graden i det russiske utdanningssystemet. Doktorgraden gir professorkompetanse. I tillegg til at det er mogeleg å ta forskarutdanning ved dei høgare utdanningsinstitusjonane, tilbyr også ein del av institutta som ligg under Det russiske vitskapsakademiet forskarutdanning som fører fram til gradene *kandidat nauk* og *doktor nauk*. Alle doktorgrader skal godkjennast av Den høgare

<sup>35</sup> *Edinyj gosudarstvennyj ekzamen (EGE)* (Felles statseksamen). Frå 2008 har alle avgangselevar i vidaregåande skole avlagt EGE.

<sup>36</sup> Denne modellen gjeld framleis i den nye utdanningslova som tredje i kraft 1. september 2013, sjå Abankina og Scherbakova 2013: 10ff.

<sup>37</sup> Dette gjeld for eksempel medisin og informasjonstryggleik, som har eigne standardar og krav.

<sup>38</sup> Abankina og Scherbakova 2013: 11ff.

attestasjonskomiteen (*Vyssjaja attestatsionnaja kommissija – VAK*), slik at dei formelt vert tildelte av staten.

**Tabell 1: Type institusjonar, grader og normert studietid (universitetsnivå)**

Type utdanning	Type institusjon	Grad	Normert tid
Høgare utdanning (universitetsnivå)	Universitet Akademi Institutt Konservatorium	Magistr (Master)	2 år
		Bakalavr (Bachelor)	4 år
		Spetsialist (Spesialist)	5/6 år
Forskarutdanning	Vitskapsakademiet Universitet Akademi Institutt Konservatorium	Doktor nauk (Doktorgrad)	Habilitasjon
		Kandidat nauk (ph.d)	3 år

Kjelder: NIC ARM, [www.russianenic.ru](http://www.russianenic.ru), *Minobrnauki*, <http://en.russia.edu.ru/edu/description/sysobr/923/>

### Profesjonsutdanning (ikkje universitetsnivå)

Utdanningsinstitusjonar som tilbyr tertiærutdanning utan at denne fører til ein akademisk grad, vert i Russland tradisjonelt kalla for *tekhnikum* («teknisk fagskole») eller *utsjilisje* («fagskole»). Frå 1989 har desse blitt supplert med ein tredje type, *kolledzh* («yrkeshøgskole»), som i tillegg til toårige studieprogram tilbyr profesjonsutdanningar på eit meir avansert nivå enn fagskulane. Ein del av desse institusjonane kan på visse studieprogram ta opp studentar allereie etter fullført grunnutdanning (ni år). I så fall er normert tid for studiet minst tre år ved fagskoleutdanning og minst fire år ved yrkeshøgskoleutdanning. Det mest vanlege er likevel at studentar vert tekne opp til fagskole- eller yrkeshøgskoleutdanning etter at dei har fullført elleveårig vidaregåande utdanning. Normert tid er då to til tre år for fagskoleutdanninga og tre og eit halvt til fire år for yrkeshøgskoleutdanninga.

Fagskulane tilbyr utdanningsprogram innanfor ei rekkje fagfelt der det samstundes vert lagt vekt på praktisk opplæring. Ved yrkeshøgskulane går ein i tillegg til dette gjennom eit eittårig program som gir både ei meir grundig teoretisk innføring og meir praktisk opplæring. Som regel består studiet av halvparten teori og halvparten praksis. For dei som byrjar på fagskole eller yrkeshøgskole etter niande klasse, inneheldt studieprogrammet også fag i vidaregåande opplæring.

Vitnemål frå fagskole eller yrkeshøgskole gir kvalifikasjonar innanfor eit spesifikt yrke, eller rett til å verte vurdert for opptak til høgare utdanning på universitetsnivå på lik linje med dei som har vitnemål frå vidaregåande skole. Det er mogeleg å få innpassa utdanninga frå fagskole eller yrkeshøgskole i ein grad på universitetsnivå.<sup>39</sup> Eit slikt utdanningsløp er for eksempel vanleg når det gjeld lærarutdanninga, og medan lærarar i grunnskolen er tilstrekkeleg kvalifiserte med avslutta fagskole- eller yrkeshøgskoleutdanning, vert det kravd utdanning på universitetsnivå for å verte lærar i vidaregåande skole. Sjukepleiarutdanninga ligg òg i dette systemet i Russland.

<sup>39</sup> *Minobrnauki*, <http://en.russia.edu.ru/edu/description/sysobr/923/>.

Tabell 2: Type institusjonar og normert studietid i kortare profesjonsutdanning

	Type institusjon	Normert tid
Profesjonsutdanning (ikkje universitetsnivå)	Tekhnikum / Utsjilise	2–3 år etter fullført vidaregåande utdanning (11 år)
	Kolledzj (College)	Minst 3 år etter fullført grunnutdanning (9 år)
		3,5–4 år etter fullført vidaregåande utdanning (11 år)
		4–4,5 år etter fullført grunnutdanning (9 år)

Kjelde: *Minobrnauki*, <http://en.russia.edu.ru/edu/description/sysobr/923/>.

### 3. Institusjonslandskapet

#### 3.1. Institusjonstypar

Ifølgje russisk lov kan høgare utdanning på universitetsnivå skje i ei rekkje typar institusjonar, der universitet, akademi og institutt er dei mest vanlege.

**Universiteta** er høgare utdanningsinstitusjonar som skal utføre grunnleggjande og anvend forskning og tilby utdanningsprogram på alle høgare utdanningsnivå, inkludert doktorgradsnivå og etterutdanning, innanfor naturvitskap, samfunnsvitskap og humaniora. Med unntak av statsuniversiteta i Moskva og St. Petersburg utfører dei likevel mindre forskning enn vestlege universitet, og tradisjonelt har det ikkje vore lagt like stor vekt som i vest på koplinga mellom undervisning og forskning. Universiteta vert dels kategoriserte etter fagprofil og dels etter andre kriterium som har samanheng med dei nylege reformene av universitetssektoren. Russland har ei rekkje klassiske universitet som tilbyr utdanning innan eit breitt spekter av fagområde. Vidare finst det pedagogiske universitet, medisinske universitet, landbruksuniversitet og tekniske universitet. Mange av dei spesialiserte faguniversiteta vart tidlegare kalla for institutt. Ein del universitet har eit nettverk av filialar og/eller representasjonskontor rundt omkring i landet eller internasjonalt, i hovudsak i SUS-landa.

Dei russiske universiteta kan også karakteriserast etter kva rolle dei er tenkt å fylle i oppfyllinga av den pågåande reforma i høgare utdanningssektor. Særleg tre institusjonstypar har ein særleg status i denne samanhengen.

Dei to såkalla **nasjonale universiteta** (*Natsional'nyj universitet*), Moskva Lomonosov Statsuniversitet og St. Petersburg Statsuniversitet, har hatt ein særeigen status sidan 2009. Desse to universiteta er tradisjonelle breiddeuniversitet som har vore eliteinstitusjonar sidan sovjetperioden. Dei er i dag ikkje styrt og finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet, men har stor grad av autonomi og vert finansiert direkte over statsbudsjettet. Den særlege statusen gir dei to institusjonane rett til å vedta eigne utdanningsstandardar, ha eigne opptaksprøvar, og å tildele eigne vitnemål og grader. Rektor vert utnemnd av den russiske presidenten for fem år om gongen.

Som nemnt ovanfor er det dei seinare åra blitt oppretta ni **føderale universitet** (*Federal'nyj universitet*). Deira rolle er å vere leiande høgare utdanningsinstitusjonar og forskingssenter regionalt, og dei har eit særleg ansvar i høve til å møte dei regionale kunnskapsbehova, som å utdanne relevant arbeidskraft. Dei føderale universiteta har blitt etablert ved samanslåing av fleire høgare utdanningsinstitusjonar i ein gitt region. Dei er styrt og finansiert av det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet. Fleire av dei har i utgangspunktet ein svak forskingsbase, men dei får store



ekstra løyvingar for å byggje seg opp. Rektor ved desse universiteta vert utnemnd av den russiske regjeringa for fem år om gongen.

Dei 29 **nasjonale forskingsuniversiteta** (*Natsional'nyj issledovatel'skij universitet*) er oppretta som eit resultat av opne konkurransar i 2009 og 2010. Formålet med dei nasjonale forskingsuniversiteta er at dei skal utviklast til å fullt ut integrere forskingsaktivitetar i verksemda si i tillegg til høgare utdanning, for på den måten å styrke forskingsaktiviteten i universitetssektoren. Statusen som nasjonalt forskingsuniversitet er gitt for ti år om gongen. Også denne typen universitet er styrt og finansiert av det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet, og får ekstra løyvingar for å utvikle seg vidare.

Eit **akademi** (*Akademia*) er ein høgare utdanningsinstitusjon som utfører grunnforskning og anvend forskning, samt utdanningsprogram på alle høgare utdanningsnivå på eit spesifikt fagområde innanfor naturvitskap, teknologi eller kultur. For å bli kalla akademi må institusjonen vere leiande på sitt fagområde.

Eit **institutt** (*Institut*) er ein uavhengig høgare utdanningsinstitusjon, eller ei avdeling på eit universitet eller eit akademi, som tilbyr spesifikke profesjonsstudium på fagområde som naturfag, teknologi eller kultur.

Alle typar høgare utdanningsinstitusjonar i Russland tilbyr fulltids- og deltidstudiar, i tillegg til fjernstudiar, som blir stadig meir vanleg. Alle høgare utdanningsinstitusjonar har eit charter (*ustav*) og er ei sjølvstendig juridisk eining.

Det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet har mykje makt innanfor det høgare utdanningssystemet. Likevel har russiske statlege høgare utdanningsinstitusjonar blitt meir autonome i dag enn dei var på 1990-talet, både når det gjeld administrasjon, økonomi og akademisk sjølvstyre. I dag har dei rett til å uavhengig forme sin eigen struktur, identifisere mål for utdannings- og forskingsaktivitetar, bestemme opptaksreglar, bestemme nivået på studieavgifter, utvikle kurs og identifisere nye opplæringsområde. Institusjonane har også fått auka økonomisk autonomi ved at dei har fått høve til å utvikle eigne budsjettplanar.

**Tabell 3: Studentar i høgare utdanning etter type institusjon, 2011/12**

Type institusjon	Høgare utdanningsinstitusjonar		Studentar	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Føderale universitet	8	0,7 %	262 900	4,1 %
Statlege universitet	334	30,9 %	3 833 100	59,1 %
Statlege akademi	169	15,6 %	818 500	12,6 %
Statlege institutt	123	11,4 %	539 300	8,3 %
<b>Totalt statlege institusjoner</b>	<b>634</b>	<b>58,7 %</b>	<b>5 453 800</b>	<b>84,0 %</b>
Private institusjonar	446	41,3 %	1 036 100	16,0 %
<b>Totalt alle institusjonar</b>	<b>1080</b>	<b>100,0 %</b>	<b>6 489 900</b>	<b>100,0 %</b>

Kjelde: *Rossiiskii statesticheskij ezhegodnik 2012* (Russisk statistisk årbok 2012), [www.gks.ru/](http://www.gks.ru/).

### 3.2. Kvalitet og relevans i høgare utdanning

Trass i fleire positive utviklingstrekk dei siste åra, har det russiske høgare utdanningssystemet også mange utfordringar. Det har eksistert omfattande planar for reform av høgare utdanningssektor sidan om lag 2000, men det har til no vore vanskeleg å få implementert dei ønskete endringane. Dei regionale skilnadane i Russland er store, og dette manifesterer seg også i høgste grad i høgare utdanning og forskning. Generelt er det stor skilnad på retorikk og røyndom. Dels skuldast dette manglande vilje i sektoren til å endre det eksisterande systemet, og dels skuldast det mangel på målretta finansiering og andre insentiv frå styresmaktene si side. Framleis er det usikkert i kva grad det blir mogeleg å gjennomføre dei ambisiøse måla russiske utdanningsstyresmakter har sett seg for dei kommande åra.

Ifølgje både russiske styresmakter og Europakommisjonen er det i dagens Russland ein dramatisk mangel på kvalifiserte spesialistar som kan møte behova i ein kunnskapsbasert økonomi. Dette kjem hovudsakleg av at utdanningssystemet framleis følgjer «utdaterte økonomiske, sosiale, vitskaplege og tekniske idear».<sup>40</sup> Bakgrunnen for dei pågåande reformene av høgare utdanningssektor er for ein stor del at styresmaktene ikkje er nøgde med kvaliteten på den utdanninga som blir gitt i dag. I det nasjonale programmet for utvikling av utdanning fram til 2020 vert det peika på ei rekkje utfordringar knytt til kvaliteten på russisk høgare utdanning.

Slik utdanningsstyresmaktene ser det, utdannar ikkje det russiske høgare utdanningssystemet i dag menneske som er kvalifiserte for den russiske arbeidsmarknaden. Høgare teoretisk universitetsutdanning, gjerne innan økonomisk-administrative fag, er populært blant studentane, men det er ikkje nødvendigvis slike kunnskapar arbeidslivet har behov for. Det vert påpeika at dei fleste høgare utdanningsinstitusjonane i Russland i liten grad deltar i samarbeid med næringslivet eller i innovasjonsverksemd, at utdanninga på master- og ph.d.-nivå (*magistratura* og *aspirantura*) framleis ikkje er i tråd med prinsippa i Bologna-prosessen, og at studentane på desse nivåa i liten grad bidrar til fagleg nyskaping.<sup>41</sup>

Det er behov for å auke kvaliteten på og kvalifikasjonane til dei tilsette i det høgare utdanningssystemet. I dag driv berre ein tredjedel av lærarane i russiske høgare utdanningsinstitusjonar med forskning, og mindre enn 10 prosent av dei er integrert i det internasjonale akademiske samfunnet. Samstundes er russiske vitskapleg tilsette lite mobile også internt i Russland, dei deltar i liten grad i etterutdanning, og det finst ikkje eit fungerande system for konkurransebasert rekruttering av vitskapleg personale.<sup>42</sup>

Krisa i det russiske utdanningssystemet på 1990-talet skapte eit rekrutteringsproblem ved mange høgare utdanningsinstitusjonar. På grunn av låge lønningar og generelt dårlege arbeidstilhøve, gjekk svært få av dei som var ferdig utdanna på 1990-talet inn i forskar- og undervisningsstillingar. Dette har ført til at det vitskaplege personalet stadig har vorte eldre, og det er i dag eit uttalt mål for utdannings- og forskingspolitikken å satse på rekruttering av yngre forskarar og lærarar.<sup>43</sup> Også inntil nyleg synest det å vere vanskeleg å rekruttere til ph.d.-studiet og ein vidare forskarkarriere ved russiske institusjonar, sjølv om situasjonen generelt er noko betre no enn for ti år sidan. Utbodet av

<sup>40</sup> «Higher education in the Russian Federation»: 12ff.

<sup>41</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 69ff.

<sup>42</sup> Ibid.: 70.

<sup>43</sup> *Minobrnauki* 2013: 1, 18ff.

tilgjengelege kandidatar til vitenskaplege stillingar er likevel avhengig av fagretning. I til dømes ingeniør- og teknologifag kan det vere vanskeleg for høgare utdanningsinstitusjonar å konkurrere med næringslivet. I tillegg er det lettare for dei etablerte universiteta i hovudstaden og andre sentrale storbyar å rekruttere kvalifiserte kandidatar enn det er for institusjonar i regionane.<sup>44</sup>

Lønsnivået for vitenskapleg tilsette i russiske høgare utdanningsinstitusjonar er framleis lågt, noko som både aukar faren for korrupsjon i sektoren og gjer det nødvendig for mange vitenskapleg tilsette å ha fleire jobbar. Korrupsjon, inkludert kjøp og sal av vitnemål og grader, er relativt vanleg, særleg ved filialar av høgare utdanningsinstitusjonar i regionane,<sup>45</sup> men det finst også eksempel på større korrupsjonssaker som involverer renommerte institusjonar i hovudstaden.<sup>46</sup> Ifølgje ei nyleg undersøking av arbeidstilhøve for vitenskapleg personale ved høgare utdanningsinstitusjonar i Aust-Europa, svarte 79 prosent av dei spurte i Russland at vitenskapleg personale ved deira institusjon typisk hadde mellom ein og tre ekstrajobbar, og dei såg dette som den viktigaste årsaka til mangel på kvalitet i høgare utdanningssektor. Dette problemet vert forsterka ved at russisk vitenskapleg personale har ei høg kontraktsfesta undervisningsbyrde, på mellom 500 til 900 undervisningstimar i året. Kombinasjonen av mange undervisningstimar og fleire ekstrajobbar gjer at det vert lite tid for dei vitenskapleg tilsette til å engasjere seg i forskning, publisering, deltaking i internasjonale prosjekt og andre vitenskaplege aktivitetar.<sup>47</sup>

Ei anna viktig utfordring er å styrke konkurransevna til russisk høgare utdanning internasjonalt. Den internasjonale konkurransevna til russiske høgare utdanningsinstitusjonar er fallande, og universiteta i landet tiltrekker seg i liten grad internasjonale studentar. Sjølv om Russland har vore tilslutta Bologna-prosessen i ti år, er landet framleis ikkje fullt ut integrert på den internasjonale utdanningsarenaen. Det er behov for å løyse ei rekkje problemstillingar knytt til gjensidig kompatibilitet og godkjenning av grader og kvalifikasjonar.<sup>48</sup>

Russiske høgare utdanningsinstitusjonar har dei siste åra gjort det relativt dårleg på internasjonale rankingar. Ifølgje Academic Ranking of World Universities 2013 (ARWU) er berre to russiske høgare utdanningsinstitusjonar inne på lista over dei 500 beste universiteta i verda i år. Det beste universitetet i Russland er ifølgje denne rankinga Moskva Lomonosov Statsuniversitet, som ligg på ein 79. plass. Det andre russiske universitetet på lista, St. Petersburg Statsuniversitet, er mellom dei 400 beste universiteta i verda.<sup>49</sup> På QS World Universities Rankings 2013 er Moskva Lomonosov Statsuniversitet rangert som det 120. beste universitetet i verda, St. Petersburg Statsuniversitet som nr. 240, medan ytterlegare seks russiske universitet er med blant dei 500 beste.<sup>50</sup> På Times Higher Education World University Rankings (THE) for 2013–2014 er også Moskva Lomonosov Statsuniversitet rangert som det beste universitetet i Russland, men på denne rankinga ligg

---

<sup>44</sup> European Commission 2010: 1, Kelo og Dubosc 2013: 4.

<sup>45</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 70.

<sup>46</sup> Sjø til dømes heimesida til det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet, <http://минобрнауки.рф/новости/3029>.

<sup>47</sup> Kelo og Dubosc 2013: 7.

<sup>48</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 70, «Higher education in the Russian Federation»: 11ff.

<sup>49</sup> <http://www.shanghairanking.com/>.

<sup>50</sup> <http://www.topuniversities.com/university-rankings/world-university-rankings/2013>.

universitetet berre mellom dei 250 beste universiteta i verda. Andre russiske høgare utdanningsinstitusjonar er ikkje komne med på THE-rankinga i 2013.<sup>51</sup>

Det er viktig for utdanningsstyresmaktene i Russland at russiske høgare utdanningsinstitusjonar klatrar på dei internasjonale rankingane. I løpet av 2013 har til saman 15 russiske universitet<sup>52</sup> fått tildelt midlar til institusjonsutvikling for å nå måla i det såkalla «fem/hundre»-initiativet, som går ut på at fem russiske universitet skal inn blant dei hundre beste universiteta på dei internasjonale rankingane innan 2020. Det er løyva ni milliardar rublar (om lag 1,7 milliardar kroner) til formålet i 2013, og ein ventar auka løyvingar også i åra framover. Dei 15 universiteta som har fått midlar gjennom denne elitesatsinga forpliktar seg til ei omfattande omlegging av drifta, og i denne omlegginga har internasjonalisering fått ein svært viktig plass. Institusjonane skal mellom anna gjennomføre tiltak for å:

- styrke leiinga, gjerne med personar med erfaring frå leiande utanlandske eller russiske universitet eller andre vitskaplege institusjonar
- tiltrekkje yngre vitskapleg personale med erfaring frå leiande utanlandske eller russiske universitet
- etablere mobilitetsprogram for vitskapleg tilsette saman med andre russiske og utanlandske universitet
- styrke forskarutdanninga
- sørgje for nødvendige støttetjenester
- etablere felles utdanningsprogram med leiande utanlandske eller russiske universitet eller andre vitskaplege organisasjonar
- tiltrekkje studentar frå leiande utanlandske universitet, mellom anna gjennom partnerskapsavtalar
- styrke den langsiktige grunnforskninga på nasjonalt og internasjonalt prioriterte område, mellom anna ved å tiltrekkje utanlandske toppforskarar og gjennom forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med russiske og utanlandske høgteknologiske organisasjonar<sup>53</sup>

Ti av dei utvalde femten universiteta har allereie status som nasjonale forskingsuniversitet, og tre er føderale universitet. Moskva Lomonosov Statsuniversitet og St. Petersburg Statsuniversitet, dei to russiske universiteta som allereie figurerer på internasjonale rankingar, har som nemnt ein særskild status i det russiske utdanningssystemet, og må også reknast med blant institusjonane det vert satsa spesielt på i denne samanhengen. Dei to universiteta har begge i løpet av 2013 utvikla omfattande utviklingsplanar for perioden fram til 2020, der siktemålet er at dei to institusjonane skal verte blant dei leiande universiteta internasjonalt.<sup>54</sup>

<sup>51</sup> <http://www.timeshighereducation.co.uk/world-university-rankings/2013-14/world-ranking>. I byrjinga av desember 2013 vil Times Higher Education publisere ein eigen universitetsranking for til saman 22 land i «BRICS and Emerging Economies».

<sup>52</sup> Dei 15 universiteta er Det føderale universitetet i det fjerne austen (Vladivostok), Kazan føderale universitet, Ural føderale universitet (Jekaterinburg), Den høgare skolen for økonomi (Moskva), Det nasjonale universitetet for atomfysikk (MIFI, Moskva), Institutt for stål og legeringar (MISI, Moskva), Moskva fysisk-tekniske statsuniversitet, St. Petersburg statlege polytekniske universitet, St. Petersburg universitet for informasjonsteknologi, mekanikk og optikk, St. Petersburg statlege elektrotekniske universitet (LETI), Tomsk statsuniversitet, Tomsk polytekniske universitet, Nizhnyj Novgorod statsuniversitet, Novosibirsk statsuniversitet og Samara statsuniversitet for luft- og romfart.

<sup>53</sup> For meir informasjon, sjå heimesida til det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet, <http://минобрнауки.рф/новости/3323>.

<sup>54</sup> <http://spbu.ru/structure> og <http://www.msu.ru/projects/pr2020/>.

Denne elitesatsinga og andre reformtiltak i høgare utdanning peikar i retning av at dei russiske styresmaktene også går inn for arbeidsdeling mellom ulike typar institusjonar. Frå 2013 er det sett i gang ein prosess for å redusere talet på russiske høgare utdanningsinstitusjonar. I samband med dette vert russiske høgare utdanningsinstitusjonar evaluerte for å skilje mellom meir eller mindre godt drivne eller «effektive» institusjonar. Institusjonane som etter denne evalueringsprosessen vert rekna som lite effektive, vil bli lagt ned eller slått saman med andre institusjonar. Resten av institusjonane vert grupperte i nettverk med ulike oppgåver og samfunnsoppdrag.

Styresmaktene investerer i dag relativt store midlar i nokre utvalde institusjonar, som dei ser for seg skal ha ei leiande rolle i moderniseringa av det høgare utdanningssystemet i landet. Ved desse institusjonane forventar ein høg grad av involvering i forskning, høg grad av internasjonalisering, og på sikt vil ein konsentrere forskarutdanninga ved desse institusjonane. Samstundes skal særleg dei føderale universiteta ha eit spesielt ansvar regionalt, mellom anna i form av innovasjon og samarbeid med lokalt næringsliv. Ei tredje gruppe høgare utdanningsinstitusjonar vil vere leiande institusjonar innanfor dei fagområda som er særskild viktige for den russiske samfunnsøkonomien. Institusjonar som spesialiserer seg innanfor humaniora og samfunnsvitskapane, inkludert pedagogikk, er tiltenkte ei særleg rolle i den «sosiokulturelle moderniseringa» av landet. Ei gruppe høgare utdanningsinstitusjonar er tenkt å spesialisere seg på å tilby masseutdanning på bachelornivå tilpassa den regionale arbeidsmarknaden, medan endå ei gruppe høgare utdanningsinstitusjonar vil bli utvikla til senter for fjernundervisning.<sup>55</sup>

### 3.3. Tilhøvet mellom forskning og utdanning

Russland har ein lang forskningstradisjon og har eit godt internasjonalt renommé innan felt som romforskning, atomforskning, ingeniørfag og avansert dataprogramutvikling. Tradisjonelt har russisk forskning blitt utført av Det russiske vitskapsakademiet (RAS), og statlege forskingsorgan innanfor spesielt prioriterte område, som Det føderale rombyrået (*Roscosmos*) og Det statlege atomenergibyrået (*Rosatom*).

Det russiske vitskapsakademiet har ein historie som går heilt tilbake til byrjinga av 1700-talet, og er ein sjølvstendig statleg organisasjon som driv grunnforskning innan naturfag, samfunnsfag og humaniora. Vitskapsakademiet absorberer om lag ein tredjedel av det russiske sivile forskings- og utviklingsbudsjettet. Det er delt i 11 fagavdelingar, som igjen består av til saman over 430 ulike forskingsinstitutt og -senter. I tillegg kjem tre regionale avdelingar, 15 regionale forskingssenter, og ei rekkje laboratorium, museum, bibliotek og vitskaplege tidsskrift.<sup>56</sup> Vitskapsakademiet spelar ei nøkkelrolle i russisk forskning og deltar i utviklinga av forskingspolitikken i samarbeid med Utdannings- og forskingsdepartementet.<sup>57</sup>

Russland har også fleire forskingsfond. Dei viktigaste er Det russiske forskingsfondet for grunnforskning (RFBR) og Det russiske forskingsfondet for humaniora (RFH). Noregs Forskingsråd

---

<sup>55</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 73.

<sup>56</sup> Russian Academy of Sciences, <http://www.ras.ru/index.aspx>.

<sup>57</sup> Noregs Forskingsråd undertekna ein avtale med Det russiske vitskapsakademiet i 2009, som opnar for samarbeid innanfor alle forskingsområde.

inngjekk ein avtale med RFBR i 2011 og med RFH i 2012, og har gjennomført felles utlysningar med dei to fonda.<sup>58</sup>

Rolla til dei høgare utdanningsinstitusjonane i Russland har tradisjonelt vore å drive rein utdanningsverksemd. Forskingsaktiviteten har generelt vore låg. Inntil nyleg var berre om lag 4 prosent av dei høgare utdanningsinstitusjonane involvert i forskingsaktivitetar, men det er stor variasjon mellom dei ulike institusjonane. På individnivå er det likevel vanleg med ei viss overlapping mellom institutta under Vitskapsakademiet og universiteta, ved at nokre av dei vitskapleg tilsette ved universiteta samstundes har ei bistilling ved Vitskapsakademiet og driv aktivt med forskning på sine fagområde. Likevel varierer det i kva grad den einskilde vitskapleg tilsette formidlar eiga forskning i undervisninga. Ifølgje ei undersøking frå 2012, brukar berre 16 prosent av dei vitskapleg tilsette ved russiske universitet resultatata av eigne forskingsprosjekt i kursa dei underviser. Resten underviser berre med utgangspunkt i lærebøkene.<sup>59</sup>

I dei siste åra har russiske styresmakter arbeidd aktivt for å endre på dette. Det har relativt nyleg blitt innført fleire lovendringar på utdannings- og forskingsfeltet for å sikre at høgare utdanning og forskning vert sterkare integrert. Den «Føderala lova om integrering av forskning og utdanning» frå 2007 har som mål å styrke forskning, utvikling og innovasjonsverksemd ved russiske høgare utdanningsinstitusjonar og å etablere tettare band mellom høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitusjonar. Fleire av dei statlege programma for utvikling og reform av høgare utdanningssektor inneheldt tiltak som skal vere med på å oppfylle målet om ei tettare kopling mellom utdanning og forskning, og det vert i dag løyva meir statlege midlar til å finansiere forskning ved høgare utdanningsinstitusjonar.

Universiteta som er valde ut som pionerar for integrering av forskning og utdanning, får utviklingsprogramma sine finansiert over statsbudsjettet. For å styrke forskingsinnsatsen ved universiteta må utviklingsprogramma innehalde planar om å danne interne serviceorgan for IPR, utvikle moderne infrastruktur som er tilgjengeleg for brukarane, danne strategiske rådgivingsorgan med representasjon frå næringslivet og academia, inkludert internasjonale forskarar, i tillegg til andre nøkkelspørsmål som er aktuelle for kvart einskilt universitet. Internasjonalisering er ein integrert del av denne reformprosessen ved at internasjonale forskarar skal delta som ekstern ekspertise, ved støtte til publisering i internasjonale vitskaplege tidsskrift, og ved stimulering til deltaking i internasjonale standardiseringsprosessar.<sup>60</sup>

### 3.4. Forskarutdanninga

Dagens system for forskarutdanning i Russland er ei vidareføring frå det sovjetiske systemet, som igjen var direkte påverka av det tyske utdanningssystemet. Både høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt kan tilby forskarutdanningsprogram så lenge dei er akkrediterte og har lisens til å drive med utdanningsaktivitetar. Akkrediterte høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt kan søke VAK<sup>61</sup> om rett til å tilby utdanning på doktorgradsnivå. For å få løyve til å opprette

---

<sup>58</sup> Meir utfyllande informasjon om det russiske forskingssystemet finst i Noreg Forskingsråd sin *Landstrategi for Russland* (under arbeid).

<sup>59</sup> Abankina og Scherbakova 2013: 14.

<sup>60</sup> Ibid.: 15.

<sup>61</sup> Den høgare attestasjonskomiteen (*Vyssjaja attestatsionnaja kommissija*).

forskarutdanningsprogram må søkjarinstitusjonen opprette eit doktorgradsråd, som skal bestå av minst sju personar med høgaste doktorgradskompetanse (*doktor nauk*) innanfor kvart fagområde.

Samanlikna med situasjonen i dei fleste europeiske land er organiseringa av forskarutdanninga i Russland sentralisert, og høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt kan i liten grad bestemme sjølve korleis dei vil organisere forskarutdanninga. Organiseringa av forskarutdanningsprogram er regulert av ei statleg forskrift frå 1988. Forskrift nummer 184 om «Prosedyrar for utdanning av akademisk personale, lærar- og forskarpersonale i Den russiske føderasjonen sitt doktorutdanningssystem» tar for seg innhald og vilkår for forskarutdanningsprogram, utvalskriterium og -prosedyrar, og reglar for attestasjon av doktorgradskandidatar.

Ph.d.- og doktorgrad blir tildelt anten på grunnlag av eit sjølvstendig forskingsarbeid (*soiskatel'stvo*) eller på grunnlag av dei to strukturerte doktorgradsprogramma, *Aspirantura* (ph.d.-utdanning) og *Doktorantura* (doktorgradsløp). Tidlegare var det ofte slik at særleg *Aspirantura* gjerne gjekk føre seg ved eit universitet, medan forskingsarbeidet vart gjennomført ved eit institutt under Vitskapsakademiet. Dette er no til vanleg meir integrert.

#### **Ph.d-utdanninga (*Kandidat nauk*)**

Normert tid for ph.d.-utdanninga er tre år. For å bli teken opp på utdanninga må ein ha fullført høgare utdanning og ha ein mastergrad eller ein spesialistgrad. Ein må ha vist evne til nyskapande tenking og vere yngre enn 35 år dersom ein skal studere på fulltid. Talet på studieplassar er avgrensa og regulert årleg av institusjonane avhengig av tilgjengelege midlar, tilgjengeleg rettleiing og rekrutteringsbehovet innanfor fagfeltet. For å byrje på ph.d.-utdanninga må ein først bli anbefalt av ein potensiell rettleiar ved institusjonen og sidan bestå tre opptakseksamenar, høvesvis i filosofi, framandspråk og sitt eige fagfelt. Normert tid for ph.d.-studiet på fulltid er tre år. I løpet av det første året skal ein endå ein gong bestå eksamenar i filosofi, framandspråk og eige fagfelt, og i løpet av studiet må ein ha skrive ei avhandling basert på eit sjølvstendig forskingsarbeid. Ph.d.-studenten vert rettleia av ein professor eller doktor innan fagfeltet. Avhandlinga blir forsvart i ein offentleg disputas for doktorgradsrådet ved institusjonen eller forskingsinstituttet. Dersom minst to tredjedeler av doktorgradsrådet stemmer for å godkjenne disputasen, vert ph.d.-studenten tildelt graden *kandidat nauk* (ph.d.) etter formell godkjenning av VAK.

#### ***Doktor nauk*-graden**

Den høgaste akademiske graden i Russland er *doktor nauk* (doktorgrad), som vert tildelt innan dei same fagfelta som ph.d.-graden. Doktorgradsarbeidet kan gjennomførast i eit doktorgradsprogram eller som eit individuelt forskingsarbeid. For å bli teken opp på eit doktorgradsprogram må ein ha ein ph.d.-grad og allereie ha gjort eit betydeleg bidrag til sitt spesifikke forskingsfelt. Ein må også vere tilsett ved ein høgare utdanningsinstitusjon eller eit forskingsinstitutt og der bidra til forskning og/eller undervisning på fagfeltet. Det akademiske kollegiet ved institusjonen avgjer om kandidaten skal kunne arbeide mot ein *doktor nauk*-grad, basert på ei detaljert prosjektskisse og anbefalingar frå kandidaten si avdeling/fagmiljø. Normert tid for eit slikt strukturert doktorgradsløp er tre år.

Det vert stilt større krav til ei doktorgradsavhandling enn til ei ph.d.-avhandling. Ei doktorgradsavhandling skal vere eit avansert forskingsarbeid som vil bidra til viktige teknologiske eller vitskaplege framsteg på fagfeltet. Arbeidet fram mot *doktor nauk*-graden består berre av forskning. Det blir oppnemnt ein rettleiar som allereie har doktorgraden, og om nødvendig kan

doktorgradskandidaten ha opphald ved andre forskingsinstitusjonar nasjonalt eller internasjonalt. Prosedyren for disputas er den same for *doktor nauk*-graden som for ph.d.-graden. VAK tar den endelege avgjerdsla når det gjeld tildeling av *doktor nauk*-graden.

Ein kan også oppnå *doktor nauk*-graden utan å bli teken opp på eit formelt doktorgradsprogram. I slike tilfelle kombinerer kandidaten arbeid ved ein høgare utdanningsinstitusjon eller eit forskingsinstitutt med doktorgradsarbeidet. Slike individuelle løp er vanlege, og i gjennomsnitt brukar kandidatar 16 år frå dei har avlagt ph.d.-graden til dei har oppnådd *doktor nauk*-graden.<sup>62</sup>

I reformarbeidet som går føre seg i russisk høgare utdanning er det også lagt opp til endringar i forskarutdanninga, ved at ein ser for seg at denne skal konsentrerast ved dei leiande universiteta/forskingsuniversiteta.<sup>63</sup> Det synest likevel ikkje som om ein vil gå inn for omfattande endringar når det gjeld struktur og innhald i forskarutdanninga. Det har vore og er betydeleg skepsis til ein omfattande reform av forskarutdanninga i den høgare utdanningssektoren, ikkje minst frå forskarar med *doktor nauk*-grad, som fryktar at deira kompetanse skal verte devaluert i samband med ein slik reform.<sup>64</sup>

## 4. Internasjonalt samarbeid

### 4.1. Nasjonale prioriteringar for internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid er ei av dei viktigaste prioriteringane som dei russiske utdanningsstyresmaktene har for dei kommande åra. Som det går fram ovanfor, er internasjonalisering eit viktig verkemiddel for å nå måla om kvalitetsheving og styrka konkurranseevne for russisk høgare utdanning. Ein ønskjer i denne samanhengen å hente inn internasjonal ekspertise og beste praksis frå utlandet, særleg i samband med kvalitetsvurdering. Vidare oppmuntrar reformene til støtte til publisering i internasjonale tidsskrift, og stimulerer institusjonane til å delta i internasjonal standardisering som krev at vurdering av læringsutbytte for studentane vert harmonisert.<sup>65</sup>

Auka mobilitet er eit anna viktig internasjonaliseringsmål i den pågåande reforma av høgare utdanning i Russland. Både inn- og utmobilitet er rekna som viktige tiltak for auka internasjonalisering av høgare utdanningssektor. Russiske styresmakter ønskjer å eksportere utdanningstenester, noko som først og fremst tyder å ta imot innreisande studentar. Russland mottar allereie ein del studentar frå utlandet, særleg frå dei tidlegare sovjetrepublikkane og frå asiatiske land, jf. ovanfor.<sup>66</sup> Fram mot 2020 ønskjer ein å auke andelen utanlandske studentar til 10 prosent av alle studentar ved russiske høgare utdanningsinstitusjonar.<sup>67</sup> Som eit ledd i denne politikken har russiske utdanningsstyresmakter nyleg vedteke å auke talet på subsidierte studieplassar for utanlandske studentar frå 10 000 til 15 000 plassar. Studentar som kjem inn under

---

<sup>62</sup> Framstillinga av organiseringa av forskarutdanninga i Russland er basert på Kouptsov 2000 og European Commission 2010.

<sup>63</sup> Knyazev og Drantusova 2013: 29ff.

<sup>64</sup> European Commission 2010.

<sup>65</sup> Abankina og Scherbakova 2013: 16.

<sup>66</sup> Dmitriev: «Razvitia eksporta obrozovatel'nykh uslug rossijskikh vuzov» (*Eksport av russisk høgere utdanning*), [www.russia.edu.ru/information/analit/official/4069/](http://www.russia.edu.ru/information/analit/official/4069/).

<sup>67</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 83.



denne kvoten får gratis studieplass, bustad og stipend på linje med russiske studentar. For inntil 1500 studentar frå land i Asia, Afrika og Latin-Amerika vert også reiseutgifter til å og frå studiestaden i Russland dekkja.<sup>68</sup> Når det gjeld vitenskapleg tilsette, har russiske styresmakter som nemnt eit stort program som gir støtte til å hente inn internasjonale forskarar til russiske høgare utdanningsinstitusjonar.<sup>69</sup>

Russiske utdanningsstyresmakter ønskjer også å auke utmobiliteten til russiske studentar og vitenskapleg tilsette. Fram mot 2020 vil ein auke andelen studentar ved russiske institusjonar som deltar i utveksling i minst eit semester til 6 prosent årleg. Når det gjeld utmobilitet, er det først og fremst eit mål å auke andelen studentar som reiser til andre land enn dei tidlegare sovjetrepublikkane, utan at einskilde verdsdelar eller land er særleg prioriterte.<sup>70</sup> Tiltaka for å auke utmobiliteten inkluderer støtte til unge forskarar for å delta på konferansar og reise på gjesteopphald ved utanlandske universitet. Dei russiske universiteta vert også oppmuntra til å utvikle stipendprogram for å støtte internasjonale forskingsprosjekt og internasjonal studentutveksling. Fleire universitet i Moskva og St. Petersburg har allereie etablert slike program.<sup>71</sup>

Utvikling av felles studieprogram med utanlandske institusjonar er også nemnt blant dei russiske prioriteringane for høgare utdanning, utan at det vert gitt nærmare detaljar om korleis styresmaktene vil bidra til utviklinga av slike studieprogram.

Dette kan sjåast i samanheng med endringar i russiske styresmakter si tilnærming til internasjonalisering av utdanning i løpet av dei siste tre til fire åra. Frå 2003 fungerte tilslutninga til Bologna-prosessen som ein katalysator for endring og reform av det høgare utdanningssystemet i Russland. Delar av prinsippa frå Bologna-prosessen har blitt innført, som til dømes overgang til tosyklussystem og auka vekt på internasjonal mobilitet. Men frå omkring 2010 var det fallande interesse hos russiske styresmakter for andre aspekt ved Bologna-prosessen, som bruk av felles europeiske prinsipp for organiseringa av høgare utdanning og introduksjon av samanliknbare grader for å integrere russiske høgare utdanning i det europeiske utdanningsområdet. I staden skifta fokus på internasjonaliseringsområdet frå europeisk integrering til tiltak for å gjere russiske universitet meir konkurransedyktige på verdsbasis. Dette er igjen tett knytt til ein annan internasjonal trend på utdanningsfeltet, nemleg opprettinga av globale forskingsuniversitet.<sup>72</sup>

#### **4.2. Status for internasjonalisering og føresetnader for internasjonalt samarbeid**

Mellom 2000 og 2011 har det vore ei dobling av talet på internasjonale studentar i høgare utdanning på verdsbasis, og auken har vore særleg stor i perioden mellom 2005 og 2011. Denne utviklinga har også gjort seg gjeldande i Russland, der talet på utanlandske studentar har auka med 90 prosent mellom 2005 og 2011. I studieåret 2010-2011 studerte 3,6 prosent av dei internasjonale studentane i

---

<sup>68</sup> *Minobrnauki* 2013: «Proekt postanovlenie pravitel'stvo Rossijskoj Federatsii o sotrudnichestve v oblasti obrazovanija s zarubezhnymi stranami» (*Forslag til forskrift om utdanningssamarbeid med utlandet*).

<sup>69</sup> Abankina og Scherbakova 2013: 16.

<sup>70</sup> «Gosudarstvennaja programma...»: 78, 82.

<sup>71</sup> Abankina og Scherbakova 2013: 16.

<sup>72</sup> Knyazev og Drantusova 2013: 25.

verda i Russland, men desse utgjorde berre 2,4 prosent. av alle studentar ved russiske høgare utdanningsinstitusjonar.<sup>73</sup>

Tabell 4. Utanlandske studentar ved høgare utdanningsinstitusjonar i Russland, studieåret 2011–2012

Opphavsland	Tal	Prosent
<b>SUS, Baltikum, Georgia</b>	<b>121 800</b>	<b>72,0 %</b>
Aserbajdsjan	6 600	3,9 %
Armenia	2 500	1,5 %
Kviterussland	20 500	12,1 %
Kazakhstan	22 700	13,4 %
Kirgisistan	2 400	1,4 %
Moldova	2 800	1,7 %
Tadsjikistan	5 000	3,0 %
Turkmenistan	7 200	4,3 %
Usbekistan	7 700	4,6 %
Ukraina	6 000	3,5 %
<b>Totalt SUS</b>	<b>83 400</b>	<b>49,3 %</b>
<b>Asia</b>	<b>27 100</b>	<b>16,0 %</b>
Vietnam	2 500	1,5 %
India	3 000	1,8 %
Kina	9 900	5,9 %
Nord-Korea	200	0,1 %
Sør-Korea	500	0,3 %
Malaysia	2 500	1,5 %
Mongolia	1 900	1,1 %
Syria	800	0,5 %
<b>Totalt største asiatiske land</b>	<b>21 300</b>	<b>12,6 %</b>
<b>Europa</b>	<b>12 000</b>	<b>7,1 %</b>
<b>Afrika</b>	<b>7 100</b>	<b>4,2 %</b>
Zambia	500	0,3 %
Kamerun	200	0,1 %
Kenya	400	0,2 %
Marokko	800	0,5 %
Nigeria	900	0,5 %
<b>Totalt største afrikanske land</b>	<b>2 800</b>	<b>1,7 %</b>
Mellom- og Sør-Amerika	1 000	0,6 %
Nord-Amerika	100	0,1 %
<b>Totalt</b>	<b>169 100</b>	<b>100,0 %</b>

Kjelde: Rossijskii statisticheskij ezhegodnik 2012 (Russisk statistisk årbok 2012), [www.gks.ru/](http://www.gks.ru/).

<sup>73</sup> OECD: *Education at a Glance 2013*.

Majoriteten av dei innreisande studentane i Russland kjem frå nabolanda. I studieåret 2011-12 kom heile 72 prosent av dei utanlandske studentane ved russiske høgare utdanningsinstitusjonar frå land i det tidlegare Sovjetunionen. Russland tilbyr svært få studieprogram på andre språk en russisk, noko som gjer at den viktigaste rekrutteringsbasen er tidlegare sovjetrepublikkar der russisk språk framleis er vanleg. Likevel vert det frå einiskilde hald hevda at russiskkunnskapane blant utanlandsstudentane går ned, også hos studentane frå dei tidlegare sovjetrepublikkane. Det same gjeld nivået på basiskunnskapane, noko som har blitt forklart med at dei som reiser til Russland, er dei som ikkje kjem inn på studiane dei ønskjer seg i heimlandet og/eller ikkje er gode nok til å få plass i til dømes USA.<sup>74</sup>

Dei utanlandske studentane finst i all hovudsak ved statlege høgare utdanningsinstitusjonar. Om lag halvparten studerer i Moskva eller St. Petersburg. Institusjonen med overlegent flest utanlandsstudentar er Universitetet for venskap mellom folkeslaga, med over 8200 studentar. Dette er ein arv frå sovjettida, då universitetet vart brukt til å tilby høgare utdanning til studentar frå vennlegsinna land, i hovudsak i den tredje verda. Vidare følgjer Moskva og St. Petersburg Statsuniversitet med om lag 3500 studentar kvar. Flest utanlandsstudentar utanfor Moskva og St. Petersburg finn ein ved Tomsk polytekniske universitet med i underkant av 1800. Dei mest populære fagområda blant utanlandsstudentane er ingeniørfag og teknologi, økonomi og administrasjon samt medisin. Medisinstudentane kjem særleg frå arabiske land, Afrika og Asia, medan studentane i økonomi og administrasjon i hovudsak kjem frå tidlegare sovjetrepublikkar. Kurs i russisk tiltrekkjer seg i større grad studentar frå Nord-Amerika og Europa.<sup>75</sup>

Med få unntak har det så langt vore uvanleg at russiske høgare utdanningsinstitusjonar tilbyr engelskspråklege studieprogram, og dette utgjer ein barriere for studentar frå land som ikkje høyrer til det russiske språkområdet. Ein annan potensiell barriere er studieavgiftene. Sjølv om russiske styresmakter finansierer studieplassar for inntil 15 000 utanlandsstudentar årleg, må dei fleste utanlandske studentar i Russland betale studieavgifter, og desse er vanlegvis høgare for utanlandske studentar enn for russiske studentar.<sup>76</sup>

Når det gjeld utmobilitet, er hovudintrykket at dei aller fleste russiske studentar er lite mobile. I 2011 hadde berre 0,8 prosent av dei russiske studentane studieopphald ved institusjonar i utlandet. Av desse reiste desidert flest til Tyskland for å studere, men Storbritannia, USA og Frankrike var også nokså vanlege destinasjonar for russiske utanlandsstudentar. Etter desse store destinasjonslanda, var det mest vanleg for russiske studentar å reise til Tsjekkia, Spania, Finland, Italia, Canada, Noreg, Sveits og Sverige, medan alle andre medlemsland i OECD/G20 tok imot mindre enn 1 prosent av dei russiske utanlandsstudentane. For dei store mottakarlanda varierte det i kva grad dei russiske studentane utgjorde ei stor eller lita gruppe blant utanlandsstudentane i landet. I store destinasjonsland for internasjonale studentar, som USA og Storbritannia, utgjorde dei russiske studentane under 1 prosent av alle utanlandsstudentane i landet, medan dei russiske studentane utgjorde over 11 prosent av utanlandsstudentane i Finland, over 10 prosent i Estland, og 5 prosent i Tyskland. Også i Noreg er dei russiske studentane ei stor gruppe. I 2011 hadde 6 prosent av alle utanlandske studentar i Noreg russisk statsborgarskap.

---

<sup>74</sup> Aref'ev 2013.

<sup>75</sup> Ibid.

<sup>76</sup> OECD: *Education at a glance 2013*.

Tabell 5. Russiske studentar i utlandet, 2011.

Destinasjonsland	Prosent av utanlandsstudentar i destinasjonslandet	Prosent av russiske utanlandsstudentar
Austerrike	1,4	1,4
Australia	0,3	1,3
Belgia	0,6	0,7
Brasil	0,2	0,5
Canada	0,5	2,0
Chile	0,2	-
Danmark	0,2	0,5
Estland	10,4	1,8
Finland	11,3	2,5
Frankrike	1,6	5,9
Hellas	1,8	0,6
Irland	0,6	0,3
Island	1,7	-
Israel	0,9	-
Italia	2,1	2,1
Japan	0,2	0,5
Korea	0,5	0,5
Nederland	0,9	0,8
New Zealand	0,8	0,9
Noreg	6,0	1,4
Polen	2,8	0,9
Portugal	0,6	0,3
Slovakia	0,3	0,1
Slovenia	1,3	0,1
Spania	1,1	2,2
Storbritannia	0,8	6,5
Sveits	1,9	1,5
Sverige	1,8	1,2
Tsjekkia	6,8	3,6
Tyrkia	1,7	0,7
Tyskland	5,0	18,4
Ungarn	0,7	0,2
USA	0,6	6,5
<b>Totalt</b>	<b>1,6</b>	<b>0,8</b>

Kjelde: OECD, *Education at a glance 2013*.

Trass i relativt avgrensa utmobilitet, har deltaking i internasjonale program for utdanningsamarbeid vore med på å auke mobiliteten for russiske vitskapleg tilsette og studentar, og har også hatt ei rekkje andre effektar når det gjeld modernisering av høgare utdanning i Russland og integrering av russiske høgare utdanningsinstitusjonar i det europeiske utdanningsområdet.<sup>77</sup> Landet har bilaterale avtalar om samarbeid innan utdanning og forskning med ei rekkje land i verda, og deltar i fleire internasjonale samarbeidsprogram, som til dømes Tempusprogrammet sidan 1994 og Erasmus Mundus sidan 2004. Mange land, inkludert Noreg, har også eigne program for utdanningsamarbeid med Russland. Gjennom slike program har ei rekkje russiske høgare utdanningsinstitusjonar utvikla felles studieprogram med utanlandske institusjonar, i hovudsak på masternivå.

Russiske høgare utdanningsinstitusjonar kan inngå avtalar på sjølvstendig grunnlag, og står også fritt til å utvikle felles studieprogram med høgare utdanningsinstitusjonar i utlandet. Ifølgje EU-kommisjonen hadde til saman 78 russiske universitet utvikla felles studieprogram med europeiske høgare utdanningsinstitusjonar innanfor EU-finansierte program fram til og med 2012. Dei mest aktive russiske institusjonane i desse programma er Moskva Lomonosov Statsuniversitet, St. Petersburg Statsuniversitet, Tomsk polytekniske universitet, Moskva Baumann Tekniske Statsuniversitet med fleire.<sup>78</sup>

Når det gjeld utvikling av felles *grader*, er situasjonen vanskelegare fordi det ikkje finst noko offisielt reglement for å tildele eller godkjenne internasjonale fellesgrader og felles vitnemål. Teksten på eit vitnemål frå ein russisk høgare utdanningsinstitusjon er lovregulert og har eit fastsett format som hindrar tillegg i teksten for å tildele ein felles grad. Høgare utdanningsinstitusjonar har rett til sjølve å godkjenne felles studieprogram. Når det gjeld fellesgrader, må alle delar av eit felles program gå gjennom ein kvalitetssikringsprosedyre frå sentrale godkjenningsstyresmakter, og partnerinstitusjonen må bli akkreditert i Russland, noko som gjer det vanskeleg å utvikle internasjonale fellesgrader.<sup>79</sup> Fleire norske universitet har likevel etablert slike program med russiske partnerar.

Russiske høgare utdanningsinstitusjonar står også fritt til å bestemme eigne studieplanar og pensum innanfor gitte nasjonale standardar utvikla av det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet. Innanfor desse rammene har utvikling av felles studieprogram med høgare utdanningsinstitusjonar i utlandet vore eit viktig bidrag til å gjere russiske curriculum meir samanliknbare med curriculum ved samarbeidsinstitusjonane i til dømes det europeiske utdanningsområdet. Slikt samarbeid vert også aktivt brukt av russiske institusjonar for å innføre nye administrasjons- og kvalitetssikringspraksisar.

Det er framleis utfordringar knytt til godkjenning av utanlandsk utdanning i Russland, noko som til dømes kan få følgjer for gjennomføringa av felles studieprogram og -grader mellom russiske og utanlandske institusjonar. Russland er tilslutta Lisboakonvensjonen, og den nye utdanningslova frå 2012 slår fast at internasjonale avtalar ligg til grunn for systemet for godkjenning. Lova inneheld likevel fleire særreglar. Det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet skal ifølgje lova publisere årlege lister over utanlandske høgare utdanningsinstitusjonar som automatisk vert godkjende i Russland. Desse listene vert utarbeidde på basis av kva institusjonar som til ei kvar tid er blant dei

---

<sup>77</sup> «Higher Education in the Russian Federation»: 11.

<sup>78</sup> Ibid.

<sup>79</sup> Ibid.: 12.

300 beste institusjonane på internasjonale rankingar, og personar med utdanning frå desse institusjonane får automatisk utdanninga si godkjent som likeverdig med russisk høgare utdanning. Det kan variere kva utdanningsnivå som gir slik automatisk godkjenning. Vidare har ei rekkje russiske høgare utdanningsinstitusjonar nyleg fått sjølvstendig rett til å godkjenne utanlandsk utdanning som grunnlag for opptak til sine studium. Det gjeld dei nasjonale og føderale universiteta og dei nasjonale forskingsuniversiteta. Dette er ei oppmjuking i høve til tidlegare, då all utanlandsk utdanning måtte godkjennast av det sentrale godkjenningsorganet *Glaveksperттsentr*, som er eit underorgan under *Rosobrnadzor*.

#### 4.3. Status for samarbeid med Noreg

Det norske samarbeidet med Russland innan høgare utdanning og forskning har utvikla seg gradvis sidan 1990-talet og er i dag omfattande. Norske styresmakter har i stor grad stått for finansieringa av dette samarbeidet gjennom ei rekkje ulike ordningar. Særleg har samarbeidet med Russland vore viktig i den norske nordområdesatsinga og satsinga på Barentssamarbeidet.

Dei ulike ordningane finansiert av det norske Utanriksdepartementet har vore særleg viktige for utvikling av norsk-russisk samarbeid innan høgare utdanning. Sidan midt på 1990-talet har det innanfor norske utdanningsprogram retta mot Russland blitt utvikla samarbeid mellom ei rekkje norske og russiske høgare utdanningsinstitusjonar. Særleg nordnorske høgare utdanningsinstitusjonar har vore aktive i samarbeidet med Russland, og det har etter kvart utvikla seg omfattande og tett kontakt mellom til dømes Universitetet i Tromsø og Det nordlege (arktiske) føderale universitetet (NARFU) i Arkhangelsk, og mellom Universitetet i Nordland og Det baltiske tekniske statsuniversitetet i St. Petersburg. Universitetet i Stavanger har eit langvarig samarbeid med Gubkin russiske statsuniversitet for olje og gass i Moskva og med St. Petersburg Statsuniversitet. I løpet av dei siste åra har stadig fleire norske og russiske høgare utdanningsinstitusjonar blitt involverte i prosjektsamarbeid gjennom Samarbeidsprogrammet med Russland, og samarbeidet er blitt mindre konsentrert til nordområda, både på norsk og russisk side. Nyleg har det også blitt etablert fleire nye ordningar for høgare utdanningsamarbeid der institusjonar i Russland kan inngå i samarbeidet. Dette gjeld til dømes UTFORSK og Nordområdeprogrammet. Innanfor desse programma vil prosjektsamarbeid bli starta opp i løpet av 2014.

Sidan oppresentarten i 1998 har det norske universitetssenteret i St. Petersburg vore ein viktig arena for norske universitet og høgskular når det gjeld nettverksbygging og fagleg samarbeid med institusjonar i Nordvest-Russland. Senteret tilbyr støtte til norske høgare utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø som ønskjer å samarbeide med russiske institusjonar og organiserer ulike kurs og arrangement for studentar og fagmiljø i Noreg og Russland.<sup>80</sup>

Det norsk-russiske samarbeidet inkluderer fleire av dei høgare utdanningsinstitusjonane som vert definerte som leiande institusjonar i det russiske institusjonslandskapet. Den viktigaste av desse er St. Petersburg Statsuniversitet, som er ein populær samarbeidspartnar for norske institusjonar. For dei russiske institusjonane som har fått statlege midlar for å bli leiande institusjonar nasjonalt, er internasjonalisering generelt og internasjonalt samarbeid spesielt viktige mål for institusjonsutviklinga. Å kunne vise til eksisterande internasjonalt samarbeid vil også vere positivt for russiske institusjonar som har eit ønskje om å nå opp i konkurransen i framtidige utlysingar av

---

<sup>80</sup> <http://www.st-petersburg.uio.no/>.

statlege midlar til institusjonsutvikling. I kva grad norske høgare utdanningsinstitusjonar er attraktive samarbeidspartnarar i desse samanhengane vil truleg variere.

Det er ein sterk ubalanse i studentmobiliteten mellom Noreg og Russland, der svært mange fleire russiske studentar tar utdanning i Noreg enn norske studentar tar utdanning i Russland. Studentar frå Russland har sidan 2010 vore ei av dei største gruppene av utanlandske studentar i Noreg. Veksten held fram inn i 2013 med i overkant av 1600 russiske studentar registrerte i Noreg. Mange av desse er likevel fjernstudentar, slik at veksten i hovudsak ikkje er uttrykk for auka mobilitet, men heller eit resultat av nye tverrnasjonale studietilbod.<sup>81</sup> Russland er ikkje eit vanleg studieland for norske utanlandsstudentar. I studieåret 2012–2013 var det berre seks norske gradsstudentar ved russiske institusjonar, og dette talet har vore nokså stabilt dei siste åra. Talet på norske utvekslingsstudentar i Russland med opphald på minst tre månader låg i studieåret 2012 på 35 personar.<sup>82</sup> Delstudiar i Russland finn framleis i all hovudsak stad innanfor etablert institusjonssamarbeid med særleg tilrettelagde opplegg for studentane.

Alt i alt synest utvikling og drift av felles studieprogram framleis å vere det området der norske og russiske institusjonar har eit potensial for få til gode samarbeid, og der det mest sannsynleg framleis vil vere gjensidig interesse for samarbeid. Samarbeid om felles studieprogram kan ha relativt store ringverknader for institusjonane som er involverte, og kan til ein viss grad gi potensial for utvikling av gjensidig mobilitet mellom Noreg og Russland. Samstundes er det for tidleg å vurdere den fulle effekten av den reformprosessen som russiske styresmakter har sett i gang i høgare utdanningssektor. Mest sannsynleg vil utfordringane i det russiske utdanningssystemet stå ved lag enno ei tid.

---

<sup>81</sup> Kjelde: DBH, <http://dbh.nsd.uib.no/>.

<sup>82</sup> Kjelde: DBH, <http://dbh.nsd.uib.no/>. I tillegg kom studentar som reiste til Russland utanom avtalar og på kortare opphald. Tala for dette er noko usikre.

## Kjelder og litteratur

### Sentrale dokument

- «Federalnyj zakon Rossijskoj Federatsii ot 29.12.2012 N 273-F3. Ob obrazovanii v Rossijskoj Federatsii», (*Føderal lov om utdanning i Den russiske føderasjon N 273-F3*), <http://www.rg.ru/2012/12/30/obrazovanie-dok.html>.
- «Gosudarstvennaja programma Rossijskoj Federatsii ‘Razvitie obrazovanija’ na 2013-2020 gody», (*Nasjonalt program for utvikling av utdanning i perioden 2013–2020*), <http://минобрнауки.рф/документы/2690>.
- «Kontseptsija modernizatsij rossijsogo obrazovanija na period do 2010 goda» (Konsept for modernisering av russisk utdanning fram til 2010), <http://elementy.ru/Library9/pr393.htm?context=28809>
- «O natsional’noj doktrine obrazovanija v Rossijskoj Federatsii do 2025 goda» (Nasjonalt doktrine for utvikling av utdanning i den russiske føderasjonen fram til 2025), <http://elementy.ru/Library9/Doctrina.htm>
- «Policy Priorities of the Government of the Russian Federation to 2018», <http://government.ru/en/info/761>
- «Proekt postanovlenie pravitel’svo Possijskoj Federatsii o sotrudnichestve v oblasti obrazovanija s zarubezhnymi stranami» (*Forslag til forskrift om utdanningsamarbeid med utlandet*).

### Litteratur og rapportar

- Abankina, Irina og Scherbakova, Irina, 2013: «Russian Higher Education Reforms and the Bologna Process» i *Journal of European Higher Education Area: Policy, Practice and Institutional Engagement*, 2013:3
- Aref’ev, Aleksandr, 2013: «Vysshuju shkolu – na eksport» i *Mezhdunarodnoe obrazovanie i jazyki*, 2013:5 (11).
- Dmitriev, N. M.: «Razvitia eksporta obrozovatel’nykh uslug rossijskikh vuzov», [www.russia.edu.ru/information/analit/official/4069/](http://www.russia.edu.ru/information/analit/official/4069/).
- European Commission, 2010: *Study on the organisation of doctoral programmes in EU neighbouring countries. The Russian Federation*, Technopolis, [http://eacea.ec.europa.eu/tempus/participating\\_countries/russia\\_en.php](http://eacea.ec.europa.eu/tempus/participating_countries/russia_en.php)
- European Commission, EACEA, 2012: *Higher education in the Russian Federation*, Tempus.
- Federal State Statistics Service of the Russian Federation, 2012: *Rossijskij statisticheskij ezhegodnik 2012* (*Russisk statistisk årbok 2012*), [www.gks.ru/](http://www.gks.ru/).
- Federal State Statistics Service of the Russian Federation: [http://www.gks.ru/free\\_doc/new\\_site/population/obraz/vp-obr1.htm](http://www.gks.ru/free_doc/new_site/population/obraz/vp-obr1.htm)
- IMF 2013: *World Economic Outlook Database* (April 2013).
- Kelo, Maria og Dubosc, Flora, 2013: *Human resource management in public higher education in the Tempus Partner Countries. A regional overview of Eastern Europe*, European Commission, Tempus.
- Knyazev, Evgeny og Drantusova, Natalya, 2013: «Bologna Process as a Factor of Transformation of Russian Higher Education. Dynamics of Change, Institutional Differentiation, Stakeholders, Models of Institutional Development» i *Journal of the European Higher Education Area. Policy, Practice and Institutional Development*, 2013:3.
- Kouptsov, Oleg, 2000: *Mutual recognition of qualifications: The Russian Federation and the other European countries*, Budapest. [http://www.aic.lv/ace/tools/leg\\_aca/guid\\_rus.htm](http://www.aic.lv/ace/tools/leg_aca/guid_rus.htm)
- *Minobrnauki*, 2013: «Plan dejatel’nosti Ministerstvo obrazovanija i nauki Rossijskoj Federatsii na 2013-2018 gody» (*Verksemdsplan for det russiske Utdannings- og forskningsdepartementet 2013–2018*), <http://минобрнауки.рф/новости/3466>.
- Nikolaev, Denis og Chugunov, Dmitry, 2012: *The Education System in the Russian Federation*, Washington, D.C.: The World Bank.
- OECD, 2013: «Russian Federation», *Education at a Glance 2013: OECD Indicators*, OECD Publishing, <http://dx.doi.org/10.1787/eag-2013-67-en>.
- OECD, 2013: *Russian Federation – Economic forecast summary* (Mai 2013), <http://www.oecd.org/economy/russianfederatoneconomicforecastsummary.htm>.
- Pogosian, Victoria, 2012: «Russian Education Policy: Two Different Eras» i *Italian Journal of Sociology of Education*, 2012:1.



## Nettsider

- *Academic Ranking of World Universities*, <http://www.shanghairanking.com/>
- *Attracting Leading Scientists to Russian Educational Institutions*, <http://www.p220.ru/en/>
- *DBH*, <http://dbh.nsd.uib.no/>
- *Det norske universitetscenteret i St. Petersburg*, <http://www.st-petersburg.uio.no/>
- *FIRO*, <http://www.firo.ru/>
- *Higher School of Economics – National Research University*, <http://www.hse.primarydata/in2013>
- *Internasjonal avdeling, det russiske Utdannings- og forskingsdepartementet*, <http://xn--80abucjiibhv9a.xn--p1ai/департаменты/международный>
- *Interobrazovanie*, <http://ined.ru/>
- *Minobrnauki*, <http://en.russia.edu.ru/edu/description/sysobr/923/>
- *Moskva Lomonosov Statsuniversitet*, <http://www.msu.ru/projects/pr2020/>
- *National Information Centre on Academic Recognition and Mobility*, <http://www.russianenic.ru>
- *QS World University Rankings*, <http://www.topuniversities.com/university-rankings/world-university-rankings/2013>
- *Rossotrudnitjestvo*, <http://rs.gov.ru/>
- *Russian Academy of Sciences*, <http://www.ras.ru/index.aspx>
- *Russlands ambassade i Oslo*, <http://www.norway.mid.ru/>
- *St. Petersburg Statsuniversitet*, <http://spbu.ru/structure>
- *Times Higher Education World University Rankings*, <http://www.timeshighereducation.co.uk/world-university-rankings/2013-14/world-ranking>
- *Vyssjaja attestatsionnaja kommissija (VAK)*, <http://vak.ed.gov.ru/ru/about/position/>
- *World Bank 2013, World Development Indicators database*, <http://data.worldbank.org/data-catalog/GDP-ranking-table>





